

NR	GNR/ BNR	STAD	INNSPEL/FORSLAG	GJELDAN DE PLAN	KOMMENTAR
*1	2/1	Björgjo	NÆRING: Ønskjer eigedomen endra til næringsføremål	LNF/LNF spreidd	Utgår: Delar av eigedomen ligg i LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging, resterande areal er urørt. Utfordring: tilkomst til området.
NY	2/1	Björgjo	MERKNAD: Ein viser til private konflikter om inngjerding og at andre har utvikla hyttefelt i område. Ein ønskjar gnr. 2 bnr.1 lagt ut til byggjeområde for hytter.		Sjå kommentar over. Privatrettslege forhold skal ikkje avklarast med kommuneplanen
2	3/4	Ørevågen, Eidsvåg	HYTTE: Ein vil at område over vegen som går til eksisterande hyttefelt vert lagt ut til byggjeområde for fritidsbustader	LNF	Utgår: Vert ikkje vurdert i denne planomgong då eksisterande byggjeområde i nærleiken må byggjast ut før nye områder vert teke.
*3	3/6	Tittelsnes	BLANDA FØREMÅL: Bustad/hytter og utleiehytter  Alternativ løysing i nytt, seinare innspel: Berre mindre byggjeområde for nokre heilårsbustader	LNF	<b>JA:</b> Det vert lagt inn eit avgrensa område for bustader i samsvar med politisk vedtak i Hovudutval teknisk/næring, HTN
NY	3/6	Tittelsnes, kartref. B_5	Det visast til føreslege planområde for B_5 (over). Området er ikkje egna for ny etablering som ønska. Ein viser til nytt forslag til justering av byggjeområde	LNF	<b>JA:</b> Nytt forslag bør vurderast slik forslaget vert vist. (jf. sak 10/1007-27)
4	3/7, 8	Eidsvåg, Tittelsnes	Ønskjer eigedomen omgjort frå landbruk til føremål for fritidsbustader	LNF	Utgår: Vert ikkje vurdert i denne planomgong då eksisterande byggjeområde i nærleiken må byggjast ut før nye områder vert teke i bruk.

*5	3/11, 18	Område Tittelsnes/ Garhaug til hytteområde Buvika	SPREIDD BUSTADBYGGING: Området ønskjast lagt ut til LNF med føresegner om spreidd bustadbygging  BOBILCAMPING: Ønsker næringsareal for bobilcamping på 3/18	LNF	<b>JA:</b> Område for LNF spreidd på Tittelsnes vert utvida mot søraust  Utgår: Bobilcamping utgår, men området vert lagt ut til LNF-område med føresegner om spreidd
6	3/14	Eidsvåg	HYTTE: Ønsker område for hyttefelt	LNF	Utgår: Vert ikkje vurdert i denne planomgong då eksisterande byggjeområde i nærleiken må byggjast ut før nye områder vert teke i bruk.
7	3/16	Eidsvåg	OFFENTLEG FØREMÅL: Bussgarasjen og eigedomen ønskjast sikra som offentleg område for kollektivtrafikk	Bustad- føremål	Utgår: Det er allereie godkjent ny bussoppstillingsplass i området
8	3/36	Litlanes	RORBU: Ønsker endra naust til rorbuer/næring	Reg. plan	Utgår: Vert ikkje vurdert i kommuneplanen då området ligg i reguleringsplan og endringar må skje i reguleringsplanen. Rorbuer er ikkje tema den nye kommuneplanen.
9	3/109	Nordre Buvika, Tittelsnes	HYTTE: Ønsker område for fritidsbustader på eigedomen	LNF	Utgår: Det er byggjeområde for fritidsbustader like sør for eigedomen som har stort fortettingspotensiale. Det bør byggjast ut før nye urørte områder vert teke i bruk.
10	4/1	Tittelsnes	UTLEIGERORBU: Ønsker endra frå naustområde til næringsområde for utleigerorbuer og oppgradering av eksisterande skogveg for framføring av veg til naust	Naust- område	Utgår: Eksisterande naustområde vert liggjande som tidlegare. Utleige av reine naust er i samsvar med naustføremålet. Rorbuer er ikkje tema den nye kommuneplanen.
11	4/1	Gramshaug	BUSTAD: Ønsker heile eigedomen omgjort til bustadføremål. Delar av eigedomen ligg med "feil" føremål (næring) mot Ålfjorden Brygge i forhold til arealbruken	LNF/ Næring	<b>JA:</b> Næringsføremålet vert endra til bustadføremål og dette vert utvida i nord med justering mot 100-metersgrensa langs sjøen.

12	4/1-3, 9	Hestevika	NAUST: Ønskjer eigedomar lagt ut som naustområde		Utgår: Strandsonen. Området er urørt og egna til friluftsliv. Det vert lagt ut område for småbåthamn i nærleiken
13	4/3	Svinavika	SMÅBÅTHAMN: Ønskjer båtplassar  BUSTADER: Ønskjer byggjeområde for bustader nord for Svinavika	LNF	<b>JA:</b> Området vert teke med i kommuneplanen som småbåthamn  <b>JA:</b> Området vert teke med i kommuneplanen som byggjeområde for bustader med avgrensing mot 100-metersbeltet langs sjøen. Samtidig vert område i nord lagt ut med omsynssone med fokus på friluftsliv
NY	4/3	Svinavika	MERKNAD: Ein ønskjer utvida småbåthamna (slik den ligg i kp-forslaget) noko i retning mot Ålfjorden Brygge, for å få plass til servicekai gjennom å auka areal på land og i sjøen. Då vil ein også få areal til badeplass.  Når det gjeld vegtrasé til småbåthamna ønskjer denne flyttast inn noko i 100-metersbeltet langs sjøen får å unngå for store skjeringar		Det er kome motsegn til forslaget slik det allereie ligg frå Fylkesmannen. Motsegna går på etablering i område som er urørt og at småbåthamnar må skje i område som allereie har inngrep og der infrastrukturen er tilstades.  Motsegn vart seinare trekt etter at småbåthamna vart flytta lenger vest.  <b>JA:</b> vegtilkomst vert flytta noko inn i strandsona.
14	4/63	Gramshaug	Ein ønskjer at bruksretten til eigedomen for "Klubbaholo" vert uendra	LNF	Eksisterande bygningar med godkjent bruksrett vert ikkje endra, men det vert ikkje lagt ut område for utbygging av fritidsbustader i området.
15	4/73	Kaien på Tittelsnes	Delar av kaien er offentleg fylkeskommunal og bør sikrast for ålmenta	Bustad-føremål	Utgår: Grenser er ikkje avklara, då det ikkje er dokumentert kva som er offentleg eigd areal. Det meste av arealet synest vera privat. Eigeforhold må avklarast først.
16	4/74	Gramshaug, Tittelsnes	Området er lagt ut som framtidig byggjeområde for bustader. Innspelet visar at ein ønskjer at området fortsett ligg som bustadområde eller hytteområde.	Bustad-føremål	<b>JA:</b> området vert liggjande som bustadområde, men det vert sett byggjegrense mot sjøen

17	5/1, 2	Hauge, Tittelsnes	LANDBRUKSFØREMÅL: Ønskjer leggja til rette for jordforbetring  SMÅBÅTHAMN: Ønskjer småbåthamn	LNF	Vert ikkje vurdert i kommuneplanssamanheng då saka må vurderast som landbrukssak i enkeltsak.  Utgår: Strandsonevern. Ny småbåthamn krev stor molo og gjer store inngrep i strandsona. Landbruksareal i direkte tilknytning til området.
18	5/4	Gardsvika, Hauge	SMBÅTHAMN: Ønskjer småbåthamn	LNF	<b>JA:</b> Forslaget vert teke med vidare. Området er allereie teke i bruk til småbåthamn
19	5/24	Gramshaug 2	Ønskjer friområde fjerna frå eigedomen då det skapar konfliktar og er lite teneleg som friområde	Regule- ringsplan	Utgår: Området ligg i reguleringsplan og vert ikkje endra i kommuneplanen utan må endrast gjennom reguleringsplanendring.
20	6/1 og 7/1	Tindadalen	RÅSTOFFUTVINNING: Ønskjer masseuttak	LNF	<b>JA:</b> Utviding av eksisterande masseuttak og utviding av drifta på andre sida fylkesvegen vert teke med.
21	6/3, teig 5	Haugsgjerd	BYGGJEOMRÅDE: Ønskjer området lagt ut til framtidig byggjeområde	LNF	Utgår: Noko av teigen ligg i område som opnar for spreidd bustadbygging. Utfordringar teknisk infrastruktur
22	6/3, 6/61, 62, 65, 66	Haugsgjerd, Tittelsnes  Kvednavika	HYTTE: Ber om at funksjonell strandsone skal trekkast nedom 6/65 utan å gå heilt ned i sjøen. Ber vidare om at hytteområde merkast frå nordre kant i 6/65 opp til 6/14 med retning mot nordre del av 6/59  NAUST: Det bes om at område mellom naust på 6/7 og naust på 6/48 vert avsett til naustområde	LNF  LNF/LNF spreidd	Utgår: konflikt med strandsonevernet og kulturminner i eit relativt urørt område.  Utgår: som over
23	6/3, 26	Buvika	NAUST: Ønskjer naustområde i Buvika	LNF	Utgår: Konflikt med strandsonevernet. Det er kulturminne i området. Området er relativt urørt.

NY	6/3	Haugsgjerd	MERKNAD: Ein ønskjer større areal på eigedomen avsett til spreidd bustadbygging for å få inn eksisterande bygningar i føremålet slik at ein kan sikra ny oppføring av bygg ved ev. brann og for at frådelte tomter skal kunna byggjast på.  Ein ønskjer fortsett naustområde slik innspel over viser.		Utgår: Sjå kommentarar over i nr. 22.
24	6/14, 17	Rabbåsen, Haugsgjerd	LNF SPREIDD: Ønskjer LNF-område med føresegner om spreidd utbygging	LNF	JA: Område for spreidd bustadbygging vert utvida, men areal i 100-metersbeltet langs sjøen vert ikkje teke med grunna strandsonevernet.
25	6/41		HYTTE: Ønskjer område for utbygging av fritidsbustader.	LNF	Utgår: Vert lagt inn i kommuneplanen som LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging
NY	Gnr 7	Einstadbøvoll	MERKNAD NAMNING: Ein viser til bruk av feil stadnamn på Einstadbøvoll		JA: Gjeldande kommuneplan viser Einstapevoll og dette vert no endra til Einstadbøvoll
26	7/3	Einstadbøvoll	LNF SPREIDD: Ønskjer eigedomen lagt ut til LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging	LNF	Utgår: konflikt med strandsonevernet og landbruksareal
27	7/4	Kjekse	HYTTE: Ønskjer utvida eksisterande område for fritidsbustader	LNF	JA: Det opnast for mindre utviding då det er etablert god infrastruktur i områder i form av veg, vatn og avløp.. Utvidinga vil gå bort frå sjøen i bakkant av eksisterande byggeområde/reguleringsplan
28	7/6	Kjekse	HYTTE: Utmarksteig ligg delvis i område for hytteutbygging, delvis i LNF. Heile teigen ønskjast lagt under eit føremål, hytter	LNF	JA: Mindre utviding av føremål for fritidsbustader vert teke med i planforslaget saman med utvidinga for 7/4 over, grunna god infrastruktur og at området er avgrensa bort frå strandsona.

29	7/20, 21, 44	Kjekse	<p><b>BYGGJEGRENSE:</b> Ønskjer at byggjegrensa i Kjekse vert justert frå dagen 30 m. til 25</p> <p><b>RORBU:</b> Ønskjer at det opnast for bygging av rorbuer i område som i dag er avsett til fritidsbustader</p>		<p>Utgår: Konflikt med strandsonevernet. Ny plan- og bygningslov av 2008 viser til ein sterk innskjerping i strandsonevernet.</p> <p>Utgår: Rorbuer er ikkje tema i denne planomgong.</p>
30	7/21, 44	Kjekse	Ein ønskjer ikkje rorbuer i Kjeksevika då denne er sær sars liten og sårbar.		Det vert ikkje opna for rorbuer i denne planomgang
31	8/1, 9/25, 44, 53, 56, 73	Tveitavika, Valevåg	<b>RORBU/NÆRING:</b> Ønskjer omgjera naustområde til område for rorbuer/næring	Naust	Utgår: Strandsonevernet. Rorbuer er ikkje tema i denne planomgong.
32	8/2,	Valevåg	<b>BUSTAD/HYTTE:</b> Det ønskjast fleire bustader og fritidsbustader i området	LNF/LNF spreidd	<b>JA:</b> Eit avgrensa område vert teke med for bustadbygging. Avgrensing er gjort i forhold til landbruksareal.
33	8/2	Valevåg	<b>NÆRING FOR UTLEIGE</b> På sjøtomt ønskjer ein leggja ut arealet til næringsføremål med båtplassar for utleige.	LNF	Utgår: Området inngår i gjeldande reguleringsplan. Skal areala endrast må det skje i reguleringsplanen og ikkje i kommuneplan. Konflikt strandsonevernet.
34	8/2 og 9/4	Valevåg	<p><b>LANDBRUK:</b> Ein ønskjer å stoppa nedbygginga av jordbruksareal</p> <p>Forslag om at ein bør vurdere å plassera Valensenteret slik at det ikkje kjem i konflikt med landbruk</p>	LNF Spreidd	<p>I avgrensinga av nye byggeområde til kommuneplanen har ein i planprosessen søkt å unngå landbruksareal i størst mogleg grad.</p> <p>Reguleringsplanen for Valensenteret vart godkjent av kommunestyret 21.02.2011. Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen har ikkje kome med motsegn til reguleringsplanforslaget eller til plasseringa.</p>
35	8/3	Valevåg	<b>UTLEIGEHYTTER:</b> Ønskjer del av eigeidomen sett av til næringsformål. Ønskjer setta opp utleigehytter	LNF	Utgår: Landbrukseigedom med dyrka mark og innmarksbeite. Delvis strandsoneverdiar. (Utleigehytter skal i kommuneplanen liggja som fritids- og turistføremål, ikkje næring).

		Øyro, Tveitavika	NAUST: Ønskjer naust inst i vågen		Utgår: Landbruksareal til sjøen. Landskapsomsyn. Strandsonevern. Ved fjære er vågen tørrlagd.
NY	8/3	Valevåg	MERKNAD: Er kritisk til konsekvens- utgreiinga for 8/3 og ein meiner at det ikkje er registrert vadefuglaktivitet i området, at andre områder med landbruksarealer vert nedbygd og for utvikling må ein endra arealstatus. Vidare viser ein til at omfattande mudring av vågen er av slik økonomisk karakter at den er akseptabel og at det er opp til utbyggjar å gjera dei økonomiske vurderingane av å byggja naust i området. Det visast til at konsekvensane i KU er "middels negative konsekvensar" og at innspelet bør vurderast likt som andre som har fått gjennomslag for sine ønskjer.  Det vert vist til at det på del av eigedomen som ligg aust for fylkesvegen ikkje er opna for spreidd bustadbygging som ønskja		Det vert vist til KU for innspel som omsøkt for eigedomen.  Mesteparten av eigedomen på austre side av fylkesvegen ligg i kommuneplanforslaget med føremål LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging. Det er dermed opna for bygging av bustader men i avgrensa omfang.
36	8/6 og 9/10	Valen	BUSTAD: Ønskjer omregulering til bustadformål	LNF	Utgår: Landbruksinteresser grunna overflatedyrka mark
37	8/10, 19	Einstadbøvoll	BUSTAD: Ønskjer areal sett av til bustadføremål	LNF	Utgår: Landbruksinteresser på eigedomen. Byggjegrænse til fylkesveg.

38	mellom sjøen og 8/16	Tveitavika	NÆRING: Ønskjer eksisterande naustområde endra til næringsføremål (HTN ber om vurdering av området i sak 026/08)	Naust	Utgår: Sjå nr. 40. Området ligg i reguleringsplan og dersom ein ønskjer endringar i planen må det skje gjennom endring av reguleringsplanen. Konflikt; strandsonevernet. Rorbuer er ikkje tema i denne kommuneplanprosess.
*39	9/1 (8/3)	Vågskoro, Valen nedre og Øvre	BUSTAD: Ønskjer bustadføremål	LNF/LNF spreidd	<b>JA:</b> Delar av eigedomen (i vest mot vegen) vert lagt ut til bustadføremål
40	9/4 i sør t.o.m. 8/50 i nord til grensa 8/16	Tveitavika, Valevåg	NÆRING: Ønskjer endra føremål frå naust til næring		<b>Utgår:</b> Området er vurdert slik HTN ber om i sak HTN-026/08. Ev. rorbuer for utleige er ikkje i samsvar med næringsføremålet. Det skal liggja som byggjeområde for fritidsbustader eller som fritids- og turistføremål. Rorbuer vert ikkje vurdert i kommuneplanen i denne planomgang.
41	9/7	Einstadbøvollvika	Naust/orbuer	LNF	Utgår: Friluftskvalitetar i vika, konflikt med landbruk og strandsonevernet
NY	9/7  9/7 og 9/2	Einstadbøvollvika	MERKNAD: Ein finn det urimeleg at kommuneplan i dette området tek meir omsyn til fritidseigedomar og eigarar som ikkje har anna strandrettar enn nausttomter i høve til fastbuande med den største strandlina. Ein ber om at tidlegare innspel vert teke med ved endeleg fastsetjing av kommuneplanen.  Ein ber om at eigedomsgrensene på kartet som vert brukt i kommuneplanen vert justert i samsvar med dom i		Ikkje nye opplysningar i saka som endrar konklusjonane  For ev. justering av eigedomsgrenser må ein taka kontakt med oppmålingsavdelinga hjå kommunen. Ikkje tema i kommuneplanprosessen.



			Jordskifteretten  Ein krev at del av reguleringsplan som omfattar del av gnr. 9 bnr. 7 vert sletta frå offentlege dokument, slik at det vert samsvar med jordskifteretten sin dom i grensespørsmåla.		Eksisterande reguleringsplan for området vart juridisk bindande ved vedtak og kan ikkje endrast utan reguleringsendring. Eigedomsgrenser gjeld likevel som avklara i jordskifteretten.
42	9/18, 32, 41	Valevåg	SMÅBÅTHAMN: Småbåthamn og Hamn	Næring	<b>JA:</b> Vert teke med som del av påbyrja reguleringsplanarbeid.
*43	9/30	Industriområde i Valevåg	BLANDA FØREMÅL: Ønskjer butikkeigedomen lagt ut til føremål bustader og næring  Ønskjer ev. å byggja ny butikk langs E 39	Framtidig næringsomr	<b>JA:</b> Vert teke med som blanda føremål BFK- bustad, forretning, kontor  Utgår: Vert ikkje vurdert i denne planomgong då plassering Ikkje kan vurderast utan konkrete planar.
44	10/1 og 11/5 m. fl.	Valevåg, veg til Kolerakyrkjegarden	VEG/TILKOMST: Ønskjer tilkomst til Kolerakyrkjegarden	LNF	<b>JA:</b> Vert teke med vidare som gangveg
*45	10/1 m. fl.	Valevåg	VEG/TILKOMST: Ønskjer trasé til demninga ved Vassdalstjørna  Vil at bandlegginga av areal rundt Vassdalstjørna vert fjerna	LNF-F	<b>JA:</b> Vert teke med vidare  <b>JA:</b> Nedslagsfeltet for drikkevatt på Trollevassnibba vert fjerna
46	10/1	Nappen, Valevåg	SMÅBÅTHAMN: Ønskjer båthamn	LNF	Utgår: Strandsonevernet
47	10/1, 5, 7, 36 og 11/1, 2, 4	Tveitavika, Valevåg	Naust	LNF	Utgår: Strandsonevern og landskapsomsyn. Området ikkje har fortettingspotensiale utan store terrenginngrep og nye tiltak medfører at ein tek nye urørte område i bruk.

48	10/5	Sør for Nappen, Valevåg  Tveitavika, Valevåg  Område vest for tunnelopning til Bømlafjord-tunnelen	HYTTE/CAMPING: Hyttfelt ved bru til Nappen og næringsområde til bobilcamping  NAUST: Eksisterande naustområde ønskjast lagt til naustføremål  BUSTAD: Ønskjast bustadfelt på egedomen	LNF	Utgår grunna strandsonevernet, men eksisterande utleigehytter vert lagt som fritids- og turistføremål og området vert utvida bort frå sjøen.  Utgår: Eksisterande naustområde i Tveitavika har ikkje potensiale for fortetting eller utviding, grunna terrengforhold  <b>JA:</b> Område vert teke med i planforslaget
NY	10/5	Sør for Nappen, Valevåg	Ein viser til at nytt areal sett av til camping/utleige er plassert på myrlendt terreng som kan brukast til grasproduksjon. Det visast til nytt plankart med småbåthamn, næring til sjøen og større hytteområde lenger sør.		Det er utarbeida KU for området. Konklusjonane i denne sett avgrensinga. Ev. utviding må skje mot sør og ikkje nor nord og sjøen. Småbåthamn ligg allereie utafor brua som går mot Nappen.
*49	10/6, 11	Buneset i Valevågen	CAMPING/HYTTE/ SMÅBÅTHAMN: Ønskjast campingplass/hytteområde med 2 båthamnar	LNF	<b>JA:</b> Noko areal vert teke med som areal for fritids- og turistføremål med 1 småbåthamn. Ikkje drivverdig jordbruk, ikkje kjerneområde for landbruk. Småbåthamn nr. 2 vert ikkje teke med grunna ev. konflikhtar med eksisterande næringsareal i direkte nærleik.
50	10/19	Nappen, Valevåg	BUSTAD: Ønskjast bustadtomter	LNF	Utgår: Delar av egedomen ligg allereie i byggjeområde for bustader i kommuneplanen. Området vert ikkje utvida grunna strandsonevernet. Det er sett byggjegrænse mot sjøen.
51	10/49	Kobbaneset, Valevåg	Naust: Ønskjast frådelt nausttomt lagt ut til naustområde	LNF	Utgår: Strandsonevernet.
52	11/5	Leirvåg	VEG/TILKOMST: Ønskjast tilkomstveg ut til Kolerakyrkjegarden	LNF	<b>JA:</b> Det vert opna for tilkomst

53	15/1	Haugland	BUSTAD: Ønskjer 1-2 nye bustadtomter som grensar til 15/33 og 15/15	LNF	Utgår: Det ligg byggjeområde for bustader rett sør som kan fortettast før nye områder vert teke i bruk
54	15/1, 33 m.fl.	Haugland	NÆRING: Ønskjer næringsområde	LNF	Utgår: Konflikt med eksisterande utbygna. Det er kort avstand til nærmaste byggjeområde for bustader i sør og eksisterande spreidd busetnad i området.
55	15/3	Haugland	LNF-SPREIDD: Ønskjer at det opnast for spreidd utbygging	LNF	Utgår: Konflikt avkøyrsløse til E 39 og noko landbrukareal.
56	16/1-2	Breistig, Pikhaugen  Breistig, Øyefjellet	HYTTE: Området vest mot sjøen ønskjast lagt ut til hytteområde (alt. utleiehytter) med kai, sjøboder, naust.  Del av eigedomen mot E39 ønskjast lagt ut til bustadfelt (alt. hyttefelt)	LNF	Utgår: Området er urørt, strandsonevern  Utgår: Utfordringar med teknisk infrastruktur som avløp
57	18/3	Vihovda	BUSTAD: Ønskjer 60 mål lagt ut til bustadforemål.	LNF	Utgår: Vert ikkje vurdert i denne KP. Landbruksareal på eigedomen på vestsida av E 39. Det ligg allereie byggjeområde nord for eigedomen med potensiale for utviding/fortetting.. Areal på austre sida av hovudvegen ligg urørt og det er ikkje tilkomst til eigedomen frå E 39. Delar av arealet ligg som LNF-F i kommuneplanen med fokus på friluftsliv.
58	21/1	Ørevik	HYTTE: Ønskjer eit lite hyttefelt på småbruket	LNF	Utgår: Strandsonevern til vatn. Landskapsomsyn, urørt område
59	22/2	Nord på Straumøy	BLANDA FØREMÅL: Fellesområde ønskjast lagt ut til blanda føremål bustader/fritidsbustader	LNF	Utgår: Konflikt med strandsonevernet . Eksisterande naustområde vert liggjande
60	22/2	Brokanes	HYTTE/NAUST: Ønskjer eigedomen lagt ut til fritidsbustader og at naustomr. vert liggjande som tidlegare	LNF/Naust	Utgår: grunna strandsonevernet, då eigedomen ligg i 100-metersbeltet langs sjøen. Naustområde vert liggjande som i gjeldande kommuneplan

61	23/1	Straumøy Gard	<p>Ønskjer om å vidareutvikla ”Inn på tunet”</p> <p>Ønskjer dela frå del av eigedomen til føremål for fritidsbustader</p> <p>Ønskjer at tidlegare dispensasjonssøknad og godkjent tiltak om naust, lavvo og forlenging av skogsveg vert teke med i kommuneplanen</p>	LNF	<p><b>JA:</b> Delar av eigedomen vert lagt ut med føremål LNF- område med føresegner om spreidd bustadbygging</p> <p>Utgår: Området vert lagt ut til LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging</p> <p>Utgår: Vert vurdert som enkelttiltak</p>
NY	23/1	Straumøy Gard	<p>Etter at planforslaget er lagt ut på høyring viser ein til at kartref. SB-5 (6) er bra men ein meiner at kommunen bør taka omsyn til at det på sikt skal kunna vera mogleg å byggja verna bustader på Hustuftene, nord for sauehuset, på platået som fjøs og sauehuset ligg på. Området bør utvidast mot nord for sauehuset.</p>		<p><b>JA:</b> LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging vert utvida</p>
62	23/2, 4, 8, 10, 11, 15, 16 og 57	Straumøy	<p>Ein ønskjar byggja naust, rorbu og hytter til utleige og småbåthamn med sjøhus og bryggje sør på Straumøy, mot sjøen.</p> <p>Molo i Håmannestøa</p> <p>Heile nordre del av 23/2 bør leggjast som LNF-spreidd</p> <p>23/11 ønskjast lagt ut til LNF-spreidd.</p>	LNF, delvis i strandsona	<p>Utgår: Konflikt med strandsonevernet</p> <p><b>JA:</b> Det vert lagt inn småbåthamn i planen</p> <p>Vert delvis teke med: Eksisterande LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging i sør vert utvida i denne planperioden.</p> <p>Utgår: Det vert sett av eit avgrensa område i sør som utviding av eksisterande spreidd utbygging</p>

63	23/6	Straumøy, Kråkevik/Sjøppjevik	Ønskjer område lagt ut til næringsføremål	LNF	Konflikt med strandsoneverdiar (kystlandskap og rekreasjonsområde/badeplass) men det vert lagt inn næringsareal på same eigedom men heilt i aust mot næringsareal ved Liereid (24/ 22)
NY	23/6	Straumøy	Ein ønskjer leggja til rette for båthamn på Straumøy då ein kan venta seg eit auka press på tilgong til sjøen når område for spreidd bustadbygging aukar. Forslag til plassering av båthamn: Kråkevika og Skjeljarvika.		Sjå kommentar over
64	24/2	Øreviksvatnet	Ønskjer masseuttak for å seinare etablere byggjeområde for fritidsbustader	LNF	Utgår: Strandsoneverdiar for vatn.
65	24/5	Liereid	Ønskjer byggje fritidsbustad på tomt som ikkje er frådelt hovudbruket	LNF	Utgår: Konflikt med strandsonevernet
*66	24/5, 7, 27	Liereid	Ønskjer slå saman eigedomane grunna same eigar  Ønskjer naustområde		Må takast som enkeltsak etter søknad  <b>JA:</b> Mindre utviding av eksisterande naustområde med grunngjeving fortettingspotensiale. Avgrensast grunna eldre bygningsmiljø i aust
NY	26/14	Bårvåg	HYTTE: Ein viser til rettleiar T-1480 som gjaldt for tidlegare plan- og bygningslov av 1985 om kva som ikkje skal liggja under føremålet LNF. Ein viser til at hytte på eigedomen var etablert då plan- og bygningslova trådde i kraft 1985 og ein ber om at eigedomen vert vurdert på ny for hytteføremål.		Utgår: Det er ny lov som gjeld frå 2009. Strandsoneverdiar til vatn. Området er frå før relativt urørt.

67	27/20	Lindås	NAUST: Ønskjer mindre område rundt eksisterande naust markert som naustområde for å kunna byggja nytt naust.	LNF	Utgår: Urørt strandsone og urørt område med unntak for to bygg Har ikkje fortettingspotensiale då eit eksisterande naust ikkje utgjer eit etablert naustområde.
68	27/5	Lindås. Område frå gamle butikken på Eide (Liereid) og sør/søraust	BUSTAD: På oppsida av vegen ligg eit stort område for bustadbygging. Ein ønskjer tilknytning til båtplassar m.v. og utvikling av strand/strandområde.	LNF	Utgår: Konflikt med strandsonevernet. Noko fulldyrka mark og innmarksbeite. Arealet er urørt.  Det vert lagd inn småbåthamn på Lindås
69	29/1	Viken, Vikjo, Liereid	MERKNAD: Merknad om at det ikkje er teke etterretning til eigar sine interesser når det gjeld vegrett til naust, p-plass og stad å plassera båt.		Det ligg allereie føre godkjent naustområde med reguleringsplan i området. Endringar må skje i reguleringsplan og ikkje i KP
70	29/1	Vikjo, Liereid	LNF-SPREIDD HYTTTER Ønskjer området avsett for så vel spreidd bustadbygging som for fritidsbustader	LNF	Utgår: Vert ikkje vurdert i denne KP. Areal i vest ligg allereie med føremål LNF- område med føresegner som spreidd bustadbygging. Areal nordaust for eksisterande reguleringsplan for fritidsbustader ligg som buffersone mellom hyttefelt og næringsareal for industri
NY	30/2	Fagerland	BUSTAD/LNF-SPREIDD Ein ber om at eit nytt område på gnr. 30 bnr. 2 vert lagd inn i kommuneplanen som utbyggingsområde eller for spreidd bustadbygging. Området ligg i tilknytning til eksisterande byggjefelt på Fagerland med vatn, veg og avløp ferdig utbygd		Utgår: Dette er eit nytt innspel som ikkje har vore utgreia. Vidare er eit større område allereie lagd inn som nytt byggjeområde sør for dette innspel. Det bør byggjast ut først.
71	30/2, 3, 7	Fagerland	BLANDA FØREMÅL: Ønskjer nytt stort byggjeområde sør for Fagerland for heilårs- og fritidsbustader		Utgår: Vert ikkje vurdert i denne kommuneplanomgong. Område for utbygging av bustader vert teke med lenger nord i direkte tilknytning til eksisterande byggjeområde på Fagerland

72	30/3, 7, 11 m.fl.	Fagerland	LNF-SPREIDD Ønskjer utvida område for LNF med føresegner om spreidd bustadbygging	LNF	<b>JA:</b> Området vert teke med vidare i planforslaget.
NY	30/3	Olavsvika Fagerland	NAUST: Ein viser til at ein ved munnleg førespurnad har fått bekrefta at naustområde for gnr. 30 bnr. 3 m. fl. skal visast i ny kommuneplan	LNF	Utgår: Området er ikkje vurdert i kommuneplanprosessen då det ikkje har kome innspel til slik arealbruk for området og det såleis ikkje er utgreia. Det står eit par naust i området men elles er området urørt.
NY	30/4	Fagerland	AKVAKULTUR: Ein ønskjer næringsareal knytt til akvakultur i strandlina til A_10 eller der det er eigar som har skjelkonsesjon. Dette visast i Kystsoneplanen.	LNF	Utgår: Vert ikkje vurdert i denne kommuneplanomgong.
*733	30/7	Bjørkeli – Fagerland/Vestvik	BLANDA FØREMÅL: Forslag til utviding av Fagerland Vest/Trollhaugen mot aust. Ønskjer bygga ut område med i første hand 23 bustader og hytter	LNF	<b>JA:</b> Området vert lagt ut til bustadføremål som utviding av eksisterande byggjeområde.
74	33/17	Kyrkjeklubben	NAUST/NÆRING: Ønskjer naustområde ved frådelte nausttomter og næringsføremål for båtbyggjarverkstad	LNF	<b>JA:</b> Naustføremål vert teke med i planen. Det vert ikkje sett av areal for næring då det er sett av areal for småbåthamn i staden.
NY	33/17	Kyrkjeklubben	REGULERINGSPLAN: Ein ønskjer at Kyrkjeklubben vert regulert i samsvar med planane som er skildra i utbyggingsplan og konsesjon gjeven av kommune og fylke.		Gjeldande kommuneplan viser at eigedommen ligg i byggjeområde for bustader. Dette vert vidareført i ny kommuneplan. Kommunen har godkjent utbygging på bakgrunn av forslag til utbyggingsplan men denne er aldri godkjent som juridisk bindande plan og dersom grunneigar ønskjer eigedomane regulerte ligg det til deira ansvar (etter avtale med kommunen ved kjøpetidspunkt) å utarbeida slik reguleringsplan.

			Ein viser til at ein finn det uheldig at kommunen gjer endringar i kommuneplanen og går vekk i frå utgangspunktet for intensjonen med "Klub bentunet". Ein ønskjer at naust og næringsområde ved sjøen kan gjennomførast som planlagt.		Konsesjon er gjeve på bakgrunn av at ein buset seg på eigedomen og deretter forvaltar eigedomen på ein landbruksmessig forsvarleg måte. Konsesjonen gjeld ikkje naust og næringsverksemd ved sjøen.  Det vert lagt ut eit mindre naustområde i ny kommuneplan som omfattar allereie frådelte nausttomter.
75	36/3	Økland Ytre	BLANDA FØREMÅL: Ønskja først utmarka til 36/3 lagt ut til bustad/hytteområde. Nytt innspel på eit seinare tidspunkt visar bustadføremål og naustområde	LNF	Utgår: Bnr. 3 får ubetydeleg areal heilt i nord som byggjeområde for bustader som utviding av eksisterande arealbruk. Resterande areal er urørt utmark som manglar kloakk og anna infrastruktur. Det er allereie lagt til rette for bustadareal i vest som enno ikkje er utbygt.
NY	36/3, 250	Økland Ytre	MERKNAD: Det visast til at ein fortsett ønskjer bustadføremål på eigedomen. Det vert også vist til at området ved sjøen har vore nytta som naustområde i fleire generasjonar, at det er opparbeida og at det ikkje vert naudsynt med ytterlegare inngrep i naturen.  Ein viser til at kommunen har lagt ut naustområde i nærleiken i delvis urørt natur og ein stiller seg undrande til denne forskjellsbehandlinga.  Ein viser vidare til at sjøeigedomen i planforslaget er lagt ut til BFK-område. Då ein		Både gnr. 36 bnr 3 og 250 ligg allereie i kommuneplan som LNF-område med føresegnar om spreidd bustadbygging. Her vil ein kunna byggja 50 m. frå sjøen.  Mot Slettene, ved Nilsavika, er det lagt ut byggjeområde for naust med grunngjeving at det er eit etablert naustområde allereie i dag, sjå nr. 79.



			<p>trur at dette ikkje vil gå igjennom hjå fylket ber ein om at det vert lagt ut til naustområde i staden.</p> <p>Når det gjeld utmarka til 36/3 viser ein til at det berre er sett av eit lite område for bustadføremål. Det vil ikkje verta plass til eit hus og ein ber om at området vert utvida slik at det vert plass til minst 2 hustomter utan at husa kjem i konflikt med avstandar til Fv.</p>		<p>Det har ikkje kome merknadar til arealbruken i form av BFK (Bustad, Forretning, Kontor).</p> <p>Utgår: Fylkesvegen har 50 m. byggjegrense frå midtline. Utfordringar med teknisk infrastruktur. Det er ikkje tilkomst/avkøyring på søre sida av vegen og det manglar avløp.</p>
76	36/5, 7, 10, 12, m. fl.	Slettene, Auklandshamn	<p><b>SMÅBÅTHAMN:</b> Ønskjer småbåthamn ute ved Slettene</p>	LNF/ Friområde	Utgår: strandsonevernet, friluftsliv, manglar tilkomst, landskapsomsyn (kystlandskap)
77	36/10	Slettene	Ønskjer ikkje bandlegging i form av område for LNF-F, då ein meiner at Slettene har eit stort potensiale som attåttnæring ved drift av jordbruk og båthamn er mangelvare.	LNF	<b>JA:</b> Arealet vert liggjande som reint LNF-område utan fokus på friluftsliv (LNF-F område), men det er likevel vurdert å vera store friluftsiinteressar i området.
78	36/19	Økland	<p><b>BUSTAD:</b> Ønskjer frådela tomter til bustadføremål</p>	LNF	Utgår: Området ligg allereie i kommuneplanen med føremål LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging, med byggjegrense mot sjøen. Strandsonevern.
79	36/24, 50, 131 m. fl.	Nilsavika/ Ramsvika	<p><b>NAUST:</b> Naustområde ønskjast utvida.</p> <p><b>BLANDA FØREMÅL:</b> Ein ønskjer område til heilårs-/fritidsbustader</p>		<p><b>JA:</b> Det ligg fleire naust i Nilsavika og området vert lagt ut som byggeområde for naust, grunna fortettingspotensiale.</p> <p>Utgår: Området ligg allereie i kommuneplanen som LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging, men området vert noko utvida.</p>

		Hedløyvågen	SMÅBÅTHAMN: Vil etablera båthamn for krinsen		Utgår: Arealet tenkt for småbåthamn ligg tett opp mot friområde og etablering av småbåthamn vil medføra store inngrep i terrenget med mellom anna tilkomstveg frå byggeområde. Fokus her er friluftsliv.
80	36/26, 295	Økland/Slettene	LNF-SPREIDD Ønskjer utvida LNF spreidd	LNF	<b>JA:</b> Det vert lagt inn eit avgrensa område for LNF spreidd i samsvar med politisk vurdering
*81	36/98	Økland	Ønskje om å omregulere eigedomen til bustadområde		<b>JA:</b> Området vert lagt ut til bustadføremål som utviding av eksisterande byggeområde. i så vel aust som i vest
NY	36/98	Økland	MERKNAD: Det visast til at Sveio kommune ønskjer leggja til rette for bustadbygging og at dette er den viktigaste grunnen til at ein ønskjer endra eigedomen frå LNF til bustadområde.		Området er teke med.
82	36/182	Auklandshamn, Økland	Same ønskje som for 36/244, sjå nr. 83		
*83	36/244 m. fl.	Auklandshamn, Økland	NAUST: Ønskjer skilja ut 3 nausttomter frå eigedomen gjennom å forlenga eksisterande naustområde	LNF spreidd	<b>JA:</b> Eksisterande naustområde vert utvida til å omfatta areal der det ligg naust i Revabåsen
84	36/250	Økland	RORBU Ønskjer utleigerorbu på plass som tidlegare er gjeve løyve til kontorbygg, sjå nr. 75.  NAUST: Ønskjer område lagt ut til bustadføremål med tilhøyrande naustområde.	LNF spreidd/ LNF	Utgår: Avgrensa parsell til sjøen med tidlegare vedtak om kontorbygg vert endra til blanda føremål BFK (bustad, forretning, kontor)  Utgår: Bnr. 250 ligg allereie som LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging. Konflikt med strandsonen.
NY	36/293	Auklandshamn	MERKNAD Viser til at akvakulturområde i sjøen avgrensar tilkomst til eksisterande kai gjennom ferdselsforbodssone	A	Det areal som visast som lyseblå rundt akvakulturareala (rosa) omfattar ikkje ferdselsforbodssone. Ferdselsforbodssona omfattast berre av det areal som visast som A-område (rosa) i plankartet.

85	37/10, 66	Vestsida av Øklandsnes	NAUST Ønskjer naustområde	Bustad- føremål	Utgår. Vert ikkje vurdert i denne planperioden med grunngjeving at eksisterande småbåtshamn i Auklandshamn vert utvida, slik at det skal opna for fleire båtplassar.
*86	37/12	Furuholmen, Øklandsnes,	Ønskjer vidareutvikla den yttarste delen av Øklandsnes med båtplassar, bustadhus, rorbuer, naust.	Bustad- føremål	Utgår delvis; Furuholmen vert endra frå bustadføremål til LNF-område grunna strandsonevernet, men det vert lagt inn eit avgrensa areal på holmen til føremål for småbåthamn.
NY	37/12	Furuholmen, Øklandsnes	MERKNAD: Ein ønskjer at Furuholmen får tilbake bustadføremålet og ein viser til at det ikkje er eit reelt behov for grøntareal og friområde for grunneigarane i området. Grunneigar ønskjer byggja ut sørsida av holmen til sjøhus/kai (naustområde) Resten av holmen bør ha bustadføremål. Grunneigar ønskjer at føremålet småbåthamn erstattast med naustføremålet. Det visast til tidlegare planar i 2004-05 om å byggja bustad på eigedomen.		Det vert sett byggjegrænse mot sjøen for alle nye bustader i ny kommuneplan som likevel ville forhindre bygging av bustader ute på holmen dersom det vart lagt inn bustadføremål på plankartet.  Gjennom å opna for småbåthamn mellom holmen og fastland har kommunen gått langt for å imøtekoma ønskjer om tiltak på holmen. Retningslinjer for kommuneplanarbeidet har vore å halda holmar frie for utbygging. Naustføremål vil vera mot dei prinsippa ein har utarbeida kommuneplan etter, som seier at ein kan opna for fortetting i allereie utbygde naustområde og ikkje som utviding av naustområde.
NY	37/12	Furuholmen, Øklandsnes	MERKNAD: Ein ønskjer primært å lage kai med utleige av båtplassar og ev. moglegheit til å setja opp naust. Ein stiller seg spørjande til omreguleringa av heile austre vågen til småbåthamn og at det berre er teikna inn naustområde i den austre delen av vågen.		Sjå kommentar over.  Med naustføremål på begge sider av vågen vil heile vågen verta privatisert. Gjeldande kommuneplan opnar allereie for naust i austre del.
87	37/64, 72	Slippen. Auklandshamn	RORBU/BUSTAD: Ønskjer ikkje næringsføremål men vil byggja rorbuer ev. i kombinasjon med bustader.	Framtidig nærings- føremål	Utgår: Rorbuer er ikkje tema i denne kommuneplanprosessen. Delar av arealet vert lagt ut til småbåthamn

NY	37/64, 72	Slippen. Auklandshamn	<p><b>MERKAND</b> Ein meiner at grunneigar må få stå fritt til å søkja om næring, bustad, sjøhus, kai etc. spesielt om kommunen ønskjer innbyggjarar til å etablera seg i kommunen. Ein ønskjer einebustad og næringsbygg på eigedommen og om området regulerast til småbåthamn er det ikkje aktuelt for grunneigarar å realisera prosjektet og ein vil søkja andre lokalisasjonar for utbygging.</p> <p>Det er god tilkomst til eigedommen og vasstilførsel kan skje frå offentleg nett. Strøm er tilgjengeleg via kabel i grøft. For gjennomføring av tiltak må fjell sprengjast bort slik at nye bygg kan plasserast heilt sør på eigedommen. Då kan kaien brukast til privat parkering og kai.</p>		<p>Merknad er ikkje i samsvar med tidlegare innkome innspel. Dette er med andre ord eit nytt innspel etter at planforslaget er lagt ut på høyring som ikkje har vore føremål for vurdering. Vert ikkje vurdert i denne kommuneplanomgong.</p>
88	40/7	Krossleite	<p><b>BUSTAD:</b> Ønskjer nokre tomter for bustadbygging ved Krossleite</p>	LNF	<p><b>JA:</b> Eit mindre område langs tilkomstveg til Krossleite vert lagt ut til byggjeføremål for bustader</p>
89	40/8	Sveio sentrum	<p><b>BUSTAD:</b> Utviding av bustadområde</p>		<p>Utgår: Må vurderast ved rullering av kommunedelplan for Sveio sentrum. I nyleg vedteke kommunedelplan for Sveio sentrum ligg området som friområde.</p>

90	40/9	Bnr 9: Sveio, Paddevegen	NÆRING: Ønskjer del av eigedomen lagt ut som næringsareal	LNF	Utgår: Det vert ikkje vurdert lagt inn nye næringsområde langs Paddevegen før eksisterande er teke i bruk.
	40/9, 322	Bnr. 322: Nord for Fjellstad, Sveio	Ønskjer område lagd ut til byggjeområde for bustader nord for Paddevegen  Nytt seinare innspel viser at ein ønskjer flytta eksisterande næringsområde mot vest og leggja ut delar av dette område som byggjeområde for bustader.		Utgår: Vert ikkje vurdert i denne KP då det allereie er sett av areal for bustadbygging på denne sida av Fv6. Desse bør byggjast ut før nye områder vert sett av til bustadføremål.  Utgår: Eksisterande næringsareal bør ikkje utvidast grunna dårleg tilkomst og nærleiken til eksisterande byggjeområde for bustader. Å flytta arealet lenger mot vest er ugunstig då arealet er prega av mykje myr og tilkomstvegen er dårleg. Bustadføremål bør ikkje plasserast i grense mot næringsareal då næringa kan vera til sjenanse for buande. Det bør oppretthaldast ein buffersone som i dag.
NY	40/40	Sveio sentrum	Ein viser til at delar av eigedomen er endra i kommunedelplanen for Sveio til friluftsområde.		Eigedomen ligg i område som omfattast av ein kommunedelplan. Slike planar vert ikkje omfatta av kommuneplanen og forhold som gjeld desse må difor handsamast som endringar av sjølve kommunedelplanen.
91	40/185	Sveio	BUSTAD: Ønskjer at eigedomen skal liggja som bustadformål		Utgår: Eigedomen har ikkje avklara grenser men ligg i nedslagsfelt for drikkevatt i Furevatnet. Grensa for nedslagsfelt vert ikkje endra. Delar av området aust for Fv 47 vert lagt ut til offentleg føremål
92	40/322		BUSTAD: Ønskjer eigedomen lagt ut til bustadføresmål	LNF	Sjå nr. 90 over
93	40/539	Gjermundshaugen, Sveio sentrum	Barnehagen manglar gangsti og gatelys på delar av strekninga mellom Sveio sentrum og barnehagen	KDP	Må vurderast i reguleringsplanarbeid. Området ligg i kommunedelplan med krav om utarbeiding av reguleringsplan.
94	41/2	Åse	BUSTAD: Ønskjer område lagt ut for bustadbygging. Område som ønskast omregulert ligg i åsen på austre del av eigedomen, vest for Fv6	LNF	Utgår: Vert ikkje vurdert i denne planomgong. Det ligg allereie areal for bustadbygging på vestsida av Fv6. Desse bør byggjast ut før nye områder vert sett av til bustadføremål.

95	41/4	Aust for Åseåsen	BUSTAD: Ønskjer leggja ut del av eigedomen til bustadfelt	LNF	Utgår: Konflikt med landbruksareal. Viktig naturområde heilt i nærleiken og landbruksareal. Området bør sjåast i samband med en framtidig utvikling av Sveio sentrum, men vert ikkje vurdert i denne kommuneplanprosess.
96	41/6	Mellom Åse og Nordskog – Nygård	Ønskjer område til bustad/fritidsbustad/golf/industri /LNF	LNF	<b>JA:</b> Det vert lagt inn eit område for næring i direkte tilknytning til garden. Stor utbygging i området vert ikkje vurdert i denne planomgang då det er utfordringar med infrastruktur som veg, vatn og avløp i området.
*97	41/8	Håvåsen, Golfbanen	BUSTAD/HYTTER: Ønskje om utviding nord for eksisterande byggefelt ved golfbanen	LNF	<b>JA:</b> Området vert lagt inn som byggjeområde for bustader
98	41/11, 24	Nord for Sveio sentrum  Aust for Tjernagelvegen  Nygård	Vurder ny trasé til Sveio skule/sentrum med utgangspunkt i ”Nygårdsvegen”  Ønskjer leggja til rette for vidareutvikling av golfbanen  Ønskjer vidareutvikla næringsverksemd	LNF	Utgår i denne planomgang, då det ikkje er konkrete planar for utbygging mot ”Nygård”  Utgår: Vert ikkje vurdert i denne planomgang, då eksisterande golfanlegg er under utvikling.  <b>JA:</b> Eit avgrensa område vert sett av til næringsføremål i direkte nærleik til eksisterande næringsverksemd/gard.
99	41/23, 25, 26	Åse	BUSTAD: Ønskjer bustader på eigedomane	LNF/ Byggje- område for bustader	<b>JA:</b> Mindre areal på 41/5 vert lagt ut som byggjeområde og bør dekkja areala for bnr. 23, 25 og 26. Tomtane grensar dels til område for bustadbygging og ligg ved veg med nærleik til vann og kloakk
*100	41/29	Rossafjellet	BUSTAD: Ønskjer eigedomane lagt ut til bustadføremål	LNF	Utgår: Vert ikkje vurdert i denne KP. Relativt urørt område (landskapsomsyn). Fortetting eller utviding bør først skje i eksisterande byggjeområde rundt Sveio sentrum
101	42/2	Nordskogfjellet	LNF-SPREIDD Ønskjer deler av eigedomen (i aust) lagt ut til LNF med føresegner om spreidd utbygging	LNF	Utgår: Vert ikkje vurdert i denne planomgang. Området vert utlagd som del av eit LNF-område med fokus på Landbruk, LNF-L. Areal lenger aust ligg som LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging med potensiale for fortetting.

*102	45/2, 17, 21	Kinn	BUSTAD/HYTTER: Ønskjer aktivitet i området og meiner at byggeområde for heilårs- og fritidsbustader bør utvidast	LNF	Utgår: Området kjem i konflikt med registrert viktig viltområde for hekkande fuglar. Vidare er det utfordringar med avløpsløyisinga i området
103	48/4	Tjernagel	BUSTAD: Ønskjer bustadhus på eigedomen og i framtida meir bustad-/hytteutbygging	LNF-spreidd/ LNF	Utgår: Eigedomen er delt i to, der den eine parsellen ligg i utmark utan tilkomstveg. Den andre delen ligg allereie i LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging. Vidare er det konflikt med landbruket.
104	48/20, 24, 47, 48	Tjernagelvågen, Nordre Tjernagel	HYTTER: Ønskjer skilja ut hyttetomter  NAUST: Ønskjer naustføremål	LNF	Utgår: Strandsoneverdiar. Bnr. 47 ligg i 100-metersbeltet langs sjøen. Bnr. 48 ligg delvis i 100-metersbeltet. Delar av bnr. 20/24 ligg allereie med føremål LNF-område med føresegner for spreidd bustadbygging.  Utgår: Strandsonevern. Lite utbygd strandline
NY	48/20, 24, 47, 48	Tjernagelvågen, Nordre Tjernagel	MERKNAD: Det presiserast at ev. frådeling av hyttetomter ikkje vil påverka strandsona og vil ikkje verta kopla til nausttomter/båtfeste.  Ein ønskjer vidare moglegheit for naustbygging og at nye naust vil vera plassert mellom eksisterande naust på 38/24 og naust på Åsbutomtene. Det vil vera ein fortetting og ikkje utviding av eksisterande naustområde. Ein ber om vurdering av frådeling av nausttomt med grunngeving at ein har konsesjonseigedom som kan nyttast til landbruk og at eigar difor har rett til naust.		Det er ikkje etablert byggeområde for naust i området. Det ligg nokre få naust med avstand i området.  Konkrete saker må handsamast som enkeltsak.

105	48/22	Tjernagel	NAUST: Ønskjer naustføremål	LNF	Utgår: Strandsonevernet, ulendt terreng det tiltak gjev store terrenginngrep
106	48/49	Tjernagel, aust	Ønskjer behalda områda rundt ridesenter som jordbruksområde, LNF		Det vert lagt inn omsynssone i området for å sikra areala med gode kulturmiljøer og kulturminne. Arealet vert elles liggjande som tidlegare
107	50/4	Tjernagel	Ein ber om at kommunen tek kontakt med grunneigarane for å avklara eigedomsforholda i området før ein fargelegg kommuneplanen	Offentleg føremål	Privatrettslege eigarforhold vert ikkje vurdert i KP. Område som ligg i gjeldande kommuneplan (2003-2015) som offentlig areal vert endra til næringsareal.
*108	51/2, 5	Lokna	LNF-SPREIDD Ønskjer spreidd busetnad	LNF	<b>JA:</b> LNF spreidd vert utvida til å omfatta eksisterande bustader i aust.
NY	51/5	Fredheim, Lokna	MARKNAD: Ein viser til at berre halve eigedomen vart teke med som LNF-spreidd i planforslaget, men at dei søkte om å få heile eigedomen lagt ut til spreidd busetnad. Dette gjeld også for det område som er frådelt i nedre del av Fredheim.		Eksisterande bygningar på eigedomen er teke inn i LNF-spreidd føremålet men det er ikkje opna for vidare utbygging på eigedomen mot sør. Det er potensiale for utbygging i nord/nordvest.
109	52/2	Buaneset, Bua	HYTTER: Ønskjer endra friområde i gjeldande reguleringsplanområde lagt ut til hyttefelt med plass til 5-6 tomter og fellesareal	LNF	Vert ikkje vurdert i kommuneplanen. Området ligg i godkjent reguleringsplan som friluftsområde og endringar må skje gjennom reguleringsendring og ikkje i kommuneplanen. Utfordringar er strandsonevernet og tilkomst då ein må bruka sin rett til jordbruksveg som tilkomst til feltet
110	52/3	Buavåg, Vestre vågen	SMÅBÅTHAMN: Reguleringsplanforslag under utarbeiding visar småbåthamn	Naust	<b>JA:</b> Småbåthamn erstattar naustføremålet i gjeldande kommuneplan, noko som gjev fleire båt plassar i eit naustområde.
*111	Gnr. 53	Lier	LNF-SPEIDD HYTTER: Ønskjer areal for spreidd utbygging av fritidsbustader.	LNF	Utgår: Etter politisk vurdering vert det ikkje opna for spreidd hyttebygging i denne planperiode.



			LNF-SPREIDD Ønskjer areal spreidd bustadbygging på heile gnr. 53		<b>JA:</b> Område for spreidd bustadbygging vert utvida i området der det ikkje kjem i konflikt med landbruksareal, noko lenger nord for ønskja område (gnr. 53) Etter motsegn er området fjerna i endeleg plan.
112	53/8	Lier vestre	LNF-SPREIDD B/H Ønskjer spreidd utbygging for så vel heilårs- som fritidsbustader.  HYTTER: Ønskjer byggja fritidsbustad på eigedomen	LNF	<b>JA:</b> Område for spreidd bustadbygging vert utvida i området der det ikkje kjem i konflikt med landbruksareal, noko lenger nord for ønskja område (gnr. 53) Etter motsegn er området fjerna i endeleg plan.  Utgår: Uheldig kombinasjon med fritidsbustader i område som er merka som LNF-L med særskilt fokus på landbruk.
113	55/1, 10, 43, 44 (42/6, 52/5, 54/3 m. fl.)	Vindkraft	VINDKRAFT Det har kome med innspel om vindkraftområde ved Leitefjellet/Trehovdefjellet	LNF	<b>JA:</b> Området vert teke med som område for energiproduksjon for framtidig vurdering av om kommunen skal opna for fornybar energi. <b>Området vert teke ut av kommuneplanen etter motsegn frå Fylkesmannen grunna funn av hubro.</b>
NY	56/17	Vindkraft i området Leitefjellet/Trehovdefjellet	Merknad om at området bør takast ut då det er og vil koma fleire fritidsbustader /hotell /campingplass m.v. i området mot sjøen. Vindmøller vil generera støy/lysblink som vil verka sjenerande og er eit klassisk konfliktområde.		Planlagd planområde ligg ca 200 m. frå eksisterande reg. planområde og grensa viser plangrense og ikkje plassering av vindmøller. Ev. plassering av vindmøller må konsekvensutgreiast på normal måte, med omsyn til omkringliggjande område.
NY	56/15	Område for energi-produksjon	Det vert protestert på planane om vindkraft og ein bed om at eigedomen ikkje regulerast. Ein krev at arealet som ev. regulerast under gardsbruk 56/15 vert kompensert eller løyst ut.		At areal ligg i kommuneplanen med føremål vil ikkje opna for tiltak i seg sjølv. Det må ein reguleringsplan til. Ved ev. framtidig regulering av området til energiproduksjon vil denne saka vurderast mellom grunneigar og tiltakshavar

114	56/7	Eltravåg	HYTTER: Ønskjer leggja til rette for fritidsbustader	LNF	Utgår: Vert ikkje vurdert i denne KP. Eksisterande ubygde byggjeområde for fritidsbustader lenger nord bør byggjast ut før nye områder vert teke i bruk.
115	56/13	Eltravåg Nord	BUSTAD: Ønskjer del av eigedom mot sjøen til bustadføremål  BLANDA FØREMÅL: Ønskjer del av eigedom aust for hovudvegen til blanda føremål for heilårs-/fritidsbustader		<b>JA:</b> Noko areal som ikkje kjem i konflikt med strandsonevernet vert utvida til LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging  Utgår: Eksisterande større utbyggingsområde i nord (reguleringsplan) må først byggjast ut før nye områder vert lagt ut til utbyggingsføremål
116	56/14-17, del av 55/4 og 55/1-9 samt deler av Hovda	Eltravåg til Hovda	HYTTER? Området bør leggjast ut som utbyggingsområde, det finns ambisjonar om å utvikla området for turistindustri	LNF	Utgår: Vert ikkje vurdert i denne omgang, då eksisterande reguleringsplanar i området bør byggjast ut før nye områder vert sett av til byggjeføremål
NY	Øklandsnes		<p>Ein kritiserar føresegnene til kommuneplankartet fordi dei sett restriksjonar for utvikling av Øklandsnes då ein mellom anna ikkje får byggja terrasse vendt mot sjøen, ikkje får ha større flytebyggje til naust enn 15 m<sup>2</sup>. Ein ber om at Øklandsnes også i den nye kommuneplanen er regulert til fleksibruk i tråd med den kombinerte byggjeskikken ein finn til sjø i området i dag. Ein ønskjer ein opning for blanding av bustadhus, fritidsbustader, næring og naust.</p>		Skal føresegnene for Øklandsnes vurderast må også føresegnene for dei andre byggeområda i kommuneplanen vurderast på ny.
	Generell	Gamlevegen i Vågedalen	<p>Ev. næringsområde må ikkje anleggast i nærleiken av den historiske Gamlevegen i Vågedalen. Det kan skje gjennom å sikra området som rekreasjonsområde</p>		<p>Det vert sett av areal for offentleg føremål i området. Reguleringsplanarbeid vil avdekka kva områder som bør vernast grunna historiske minner.</p>

			<p>Vågedalen bør oppgraderast til tur- og rekreasjonsområde</p> <p>Vegen bør skiltast med forbod for lastebilar då dei medfører slitasje og farer</p> <p>Ev. gjennomkøyringsforbod slik at ein får gang-/sykkelveg til Vikse skule</p> <p>Vegen bør markerast og utrustast for eit rekreasjonsområde</p>		<p>Vert ikkje vurdert i denne planprosess.</p> <p>Må takast som enkeltsak</p> <p>Må takast som enkeltsak, som trafikksikringstiltak.</p> <p>Vert ikkje vurdert i kommuneplanarbeidet.</p>
220	Mølstre	Spreidd utbygging	Ønskjer vurdering av tal på nye einingar i område for spreidd bustadbygging	LNF spreidd	JA: Talet på nye einingar vert den same som tidlegare, med verknad frå godkjenning av ny kommuneplan = 6 nye einingar i planperioden
	Mølstre	Tal på nye bueiningar	Ønskjer vurdering av tal på nye bueiningar i område sett av til spreidd bustadbygging		Det same talet vert oppretthalde som i gjeldande kommuneplan, noko som opnar for 6 nye einingar i ny planperiode.
	Rophus/ Ekrene	Barneskule	<p>Ønskjer ny barneskule i Ekreneområder/Rophus/Paradis, ev. i samarbeid med Haugesund kommune</p> <p>Fortsett ekspansjon av større bustadfelt bør leggjast nordover mot Sveio</p>		<p>Eksisterande skule får utvida areal til offentleg føremål slik at skulen kan byggjast ut der den står i dag. Det vert ikkje vurdert ny lokalisering av skulen i denne planomgang, men det vert sett av areal for offentleg føremål på Ekrene langs Fv 47. Det vert vist framtidig gang-/sykkelveg til Vikse skule.</p> <p>Det vert lagt inn eit større byggjeområde for bustader mot aust og Fv. 47.</p>
<b>VEGAR OG TRAFIKKTRYGGLEIK</b>					
222	Hovud-veg-nettet	E 39 gjennom Førde	Forslag til omlegging av E 39 på søraustsida av eksisterande veg, som vil føra til betre miljø langs eksisterande veg og moglegheit for nye områder	LNF	JA: Forslaget viser ny trasé for E 39 i bakkant av Hanaleite næringsområde. Det vert lagt inn i kommuneplanforslaget.

			for bustader.		
NY		E 39 gjennom Førde	Nytt forslag til lokalisering av omkøyning gjennom Førde som går frå samfunnshuset.		
NY		E 39 gjennom Førde	Ein stiller seg undrande til kvifor ein ikkje legg heile E 39 samanhengande utafor Førde bygda når ein likevel viser ny trasé. Heile den nye E 39 bør leggjast i utmark, i god avstand frå bustadhus, driftsbygningar og jordbruksareal og fortrinnsvis i tunnel.		
223		E 39 ved Valestrand	Forslag til omlegging frå Berge i sør til Ulveraker i nord. Tunnel på ca 700 m. Det gjer god miljøprofil og reduserte utslepp av avgassar.	LNF	JA: Forslaget vert lagt inn i kommuneplanforslaget
224		E 39 ved Håvardsholm-krysset.	Forslag til totalomlegging frå Austvik i sør til Geitåsen i nord. Dette gjer ei innkorting av E 39 på 800 m og ein tunnel på 700 m gjennom Austre Austvikfjellet.	LNF	JA: Forslaget vert lagt inn i kommuneplanforslaget
225		Våga	Forslag om omlegging av vanskeleg kryss mellom Fv 1 og Fv 2	LNF	Utgår: Forslaget vert ikkje vurdert i denne planperioden. Bør takast som enkeltsak, dersom tiltak vert vurdert av Statens vegvesen. Innspelet visar at vegstrekninga delvis går over fulldyrka mark.
NY		Våga	Forslag til omlegging av vanskeleg kryss mellom Fv 1 (Ådt 260) og Fv 5 (Ådt 120). Nytt kryss vil koma ut på ei rett line ved strandlina med særskild god siktsoner. Eks. veg kan nyttast	LNF	???

			som gangveg. Å stenga eks. kryss vil gje betre plass ved kaiområdet og ein vil unngå mange farlege situasjonar i området.		
226		Rophusvegen	Ønskjer lys langs den gamle Rophusvegen		Det er allereie starta opp arbeid med fleire lys på veggen. Slike spørsmål vert elles ikkje vurderte i kommuneplanarbeidet. Det skal takast stilling til i Trafikksikringsplanen for Sveio.
NY		Rophusvegen	Ein viser til betydelsege investeringar i eksisterande veg til Rophus og at veggen har kapasitet til meir framtidig trafikk. Pengar som skal brukast til ny Rophusveg bør brukast til utbetring av eksisterande skuleveg til Vikse skule.  Forslag til ny trasé frå Buavågsvegen krev tunnel grunna høgdeforskjellar og ein ønskjer ikkje dette alternativ då det vil få verknadar for gardsdrift i området.		
227	Nygård – Sveio sentrum	Fv 6 - Tjernagelvegen	Veggen er utrygg for mjuke trafikkantar og det bør byggjast gang-/sykkelveg	Veg	Må vurderast i eiga sak. Det er vurdert planar om å utbetra veggen.
	Litlahovda	Ålfjordtriangelet	Forslag til bru over Ålfjorden frå Årvikneset/Gangstøvika (Vindafjord) til Litlahovda	LNF	Vert ikkje vurdert i denne KP
		Vegar	Ønskjer føresegn om at <i>”kommunen har rett til å krevje opprusting/vedlikehald av eksisterande vegar”</i>		Utgår: Alle vegsaker må handsamast som enkeltsaker, då det er mange forhold som skal takast omsyn til, som mellom anna strandsonevern, landskapsomsyn, landbruk, kulturmiljø og kulturminner. Kvar sak må handsamast som enkeltsak.
	Førde	Trafikktryggleik	Ønskjer utbetring av tilkomst til		Det utarbeidast no reguleringsplan for ny fotgjengarundergang under



	skule		skulen		E 39 og det er vist ny framtidig trasé for E 39 aust for Hanaleite
	Veg frå Rød via Auklands hamn til Tjernagel/Sveio	Trafikktryggleik	Ønskjar vegen utbetra og breiare, med lys og g/s-veg		Vert ikkje vurdert i denne KP.
	Sveio sentrum	Trafikktryggleik	Tilkomst mellom Gjermundshaugen barnehage og Sveio sentrum er ikkje god då det manglar gangsti og lys på delar av strekninga		Vert ikkje vurdert i denne KP, må handsamast ved vurdering av kommunedelplan for Sveio sentrum
GENERELT					
		Akvakultur	Ønskje om å flytta akvakulturlokalitetar lenger ut på sjøen. Forslag om å leggja ut FFNFA-områder i sjøen slik at det vert tørre fleksibilitet for kystsona	A/FFNF	JA: Eksisterande godkjende lokalitetar vert liggjande i kommuneplankartet med FFNFA-område som vert utvida bort frå land, ut mot sjøen
*		Ålfjorden	Forslag om fleirbruksplan i samband med oppdrettsanlegg	FFNF/FFNFA	Akvakulturlokalitetane som ikkje har godkjent løyve og visast som lokalitet hjå Fiskeridirektoratet, vert fjerna i planen. Areal som ligg rundt anlegga vert liggjande som FFNFA-områder (Fiske-, Ferdsel-, Natur-, Friluftslivs- og Akvakulturområde).
		Turvegar	Ein ønskjer fleire turvegar og ein brosjyre med oversiktskart over kor dei finns.		Vert ikkje vurdert i denne planprosessen. Bør vurderast som enkeltsak for å fremja turisme og friluftsliv
		Båtplassar	Ønskjer tilrettelegging for båtutsetjingsplassar med båttraller for ålmenta		JA: Det vert lagt ut fleire småbåthamnar med krav om reguleringsplan som skal visa allmenn tilkomst og gjestebryggje for allment bruk, samt båtoppbygg.
		Kystlyngheiane	Ein bør unngå utbygging av næringsområder, bustad- og hyttefelt i og i nærleiken av verdifull kystlynghei.	LNF	Kommunen har teke stilling til viktige kystlyngheiområder i plankartet gjennom å leggja areal for utbygging i størst mogleg grad utanfor areal vist som viktige lyngområder i kommunen si kartlegging over slike områder. Det har vore ein del av konsekvensutgreiinga å vurdere tilstand og kvalitet på landskapsverdiane ved vurdering av nye byggeområder i

				kommuneplanen.
		Jordvern	Kritikk til at kommuneplanen fører til for stor byggjeaktivitet og leik med arealressursane i kommunen	Det er sett av eit stort samanhengande areal med omsyn landbruk i kommuneplanforslaget, som skal vera med å sikra jordressursane. Elles vil føresegnene til kommuneplanen, jf. § 5.1.4 -5.1.7 og 5.2.3 sikra landbruksareal saman med nasjonale føringar om minska nedbygging av landbruksareal og jordlova
		”Steinbrotet” på venstre side av Leitevegen	Ridehall med stall	Utgår: Området er allereie teke i bruk til næringsverksemd.
		Merknad til Kulturdelen til kommuneplanen si samfunnsdel	Stiftelsen Kirkens Bymisjon Rogaland anbefaler kommunen å gå i ein søkeprosess i forhold til kultur- og kirkedepartementet for om mogleg få etablert Sveio frivilligsentral	Vert ikkje vurdert i utforminga av kommuneplanen, men må takast som enkeltsak.
	Friluftsliv	Vigdarvatnet  Sveio sentrum	Ønskjer at strandlina langs Vigdarvatnet frå Sveio sentrum til Bjellandselva vert tilgjengeleg for ålmenta.  Det er få tilgjengelege badeplassar i nærleiken av Sveio sentrum	JA: Det vert sett byggjegrænse på 100 m. langs Vigdarvatnet for å sikra ålmenta tilkomst, slik at strandsona ikkje vert bygd ned.  Friområde ved Melkeneset er sett i stand av Friluftsrådet Vest. Elles er det ikkje planar i kommuneplanen å leggja til rette for fleire turstiar eller badeplassar. Slike tiltak bør kunna vurderast som enkeltsaker, då dei vil vera i samsvar med LNF-føremålet då fokus er på friluftsliv.  Sveio kommune er omfatta av regional plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2009 – 2013.
		Kommunal ungdomsklubb og seniorklubb	Ønskjast undgomsklubb og seniorklubb i kommunen si regi	Bør vurderast som enkeltsak og ikkje i kommuneplansamheng.
		Landbruk	Fylkes- og kommunevegar må oppgraderast i eit raskare tempo. Eit viktig moment for å driva gardsbruk er jo vegar og	Oppgradering av vegar vert vurderte i Trafikksikringsplan for Sveio.

			moglegheit til å koma fram.		
		Oppdrett	Ønskjer vurdering av behovet for talet på anlegg til oppdrett. Bør vurderast lagd å land.		JA: Talet på områder sett av til akvakultur er avgrensa slik at berre dei område som har godkjent lokalitet vert vist i kommuneplankartet
		Akvakultur	Ønskjer akvakulturareal avgrensa for å betra tilkomst til kast- og låssetjingsplass på "Hedlo"  Det er viktig å ta vare på fiskeområde nord og vest for Risøy og Skravholmen, då dei er dei mest brukte fiskeplassar for innbyggjarane og fisketuristar. Oppdrettsona må difor avgrensast slik at område nord og vest for Risøy og Skarvaholmen vert lagt ut til fiskeområde  Heile strandsona i vestre Buavåg må skjermast mot bustad-, hytte og rorbuutbygging for å sikre allmenn tilkomst til sjøen som naustområde.	Akvakultur	JA: Areal for akvakultur vert avgrensa og areal rundt vert vist som fleirbruksområder  Alle godkjente ( av Fiskeridirektoratet) fiskeoppdrettslokalitetar vert liggjande i kommuneplanen med nye avgrensingar som omfattar fortøyingar i fleirbruksområde i sjøen – FFNFA (Fiske, Ferdsl, Natur, Friluftsliv og Akvakultur. Det er lagt til rette for dei fleste å flytta anlegga lenger ut frå sjøen.
		Strandlina i vestre Buavåg	Byggjefeltet bør utvidast og det bør alltid vera byggjemodna og byggjeklare tomter å tilby.		Vert ikkje vurdert i kommuneplanssamanheng. Skal vurderast i reguleringsplan for området.
		Tørresplassen	Det er stort behov for ei større opprusting og omlegging av vegen då den er sterkt trafikkert av ferjetrafikk og store vogntog.		JA: Området vert utvida mot sørvest

		Tjernagelsvegen			JA: Forslag til ny trasé for Tjernagelvegen er lagt inn i kommuneplanen
		Turisme	Samarbeid med for eksempel Kystbussen om at ”Vi har mye Norge her i vår kommune”.		Spesifikke forslag må vurderast som enkeltsaker. Vert elles utgreia i samfunndelen til kommuneplanen
		Næring	Ønskjer utgreiing om næringsverksemd i kommunen og interessante industriområder		Det er teke stilling til behovet av næringstomter i kommunen og det er sett av areal langs hovudtrafikkårene. Hanaleite i Førde har fortsett areal for utbygging av industri. Areal som inngår i kommunedelplan må vurderast separat.
	Holme ute i sjøen	Lyngholm	NAUST: Ønskjer område til naustbygging	LNF	
NY	Føre-segner		<p>Det vert vist til kap. 6.1 Felles føresegner i KP-forslaget</p> <p>6.1.1 Byggjeforbod i LNF-område inntil 100 m. frå Vigdarvatnet.</p> <p>Ein viser til at denne 100 m. sona ikkje er i samsvar med noverande plan. På orienteringsmøte på Lid vart det på førespurnad forsikra om at den eksisterande sone ikkje skulle utvidast. Ein ber om at noverande sone langs Vidgarvatnet vert ført vidare slik den er innteikna på tidlegare kommunekart</p>		Gjeldande kommuneplan opnar ikkje for bygging langs Vidgarvatnet der det er reint LNF-område. Her råder det i utgangspunktet byggjeforbod. Eksisterande LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging vert liggjande som tidlegare med 50 m. byggjegrænse.

SPESIFIKKE INNSPEL FRÅ UTTALEPARTAR/ORGANISASJONAR					
	Forsvarsbygg	Tittelsnes leir	Ber om at byggjeområde som ligg i nærleiken av leiren ikkje vert utvida		Det vert lagt inn byggjeområde utafor 100 m. frå eigedomen
NY	Sveio Nærings-service	Generelt	Det er behov for industriareal og areal til handelsverksemd. Det bør etablerast større næringsområde i sentrale område langs hovudferdselsårene.		JA: Det vert lagt ut fleire større næringsområder langs med Fv 47 og E 39 og på Tjernagel.
		Ekrene	Ein bør snarast kunna tilby næringsareal i heile det tiltenkte området på Ekrene	Reguleringsplan	Området er regulert og under utbygging
		Hanaleite	Det er etterspurnad på næringsareal på Hanaleite og det hastar med utviding av eks. område.	Reguleringsplan	Området er regulert til næringsføremål. Det ligg allreie til rette for utviding av eksisterande næringsområde på Hanaleite. Det vert ikkje vurdert vidare utviding i denne planomgong.
		Hanaleite	Det er ønskjeleg med ei større utviding av Hanaleige næringsområde, då området ligg svært sentralt til.		Sjå kommentar over
		E 39 ved Førde	Ønskjast toplankryss ved Hanaleite Industriområde	Reguleringsplan/ LNF	Vert vurdert ved framtidig reguleringsplanarbeid for ny trasé for E 39 bak Hanaleite.
		Golfbanen-Bjelland	Har tru på eit større næringsområde frå Golfbanen mot Bjelland	LNF	JA: Det vert lagt ut eit næringsområde i tilknytning til Sveio sentrum og eit større samanhengande næringsområde langs med Fv 47 mot Haukåskrysset
		Området Haukås-Rød	Har ein sær sentral plassering som er veileigna for	Kommunedelplan	JA: Området rundt Haukås bensinstasjon vert utvida med næringsareal.

NY		Sveio sentrum	handelsverksemd. Ein må syta for at Sveio sentrum får nok næringsareal til å utvikla den positive trenden vidare. Det bør vera fokus op handel og publikumretta verksemd.	Diverse byggje-områder og LNF	JA: Nyleg vedteke kommunedelplan for Sveio sentrum legg opp til meir næringsverksemd sentralt.
		Næringsområde til sjø	Det er stort behov for næringsområde til sjø og god kai. Valevåg er vurdert som det beste alternativet for god kai til næringsføremål.		JA: Valevåg har avgrensa areal til nye føremål. Det er lite plass for større næringsareal til sjøen. Eksisterande kai nord for ferjekaien i Valevåg vert lagt ut som hamn og nytt areal på Tjernagel er vurdert til framtidig hamn med djupvasskai og det ligg allereie næringsareal til sjø i Mølstrevåg.
		Næringsområde til sjø (kai og område til sjø)	Ein bed om at det vert arbeidd aktivt for å leggja inn gode kaiar i planverket til kystkommunen Sveio		Dette føresett at det finns grunneigarar som vil ha tiltaka på sin eigedom og private planar/interesser
		Når trekantsamband et er nedbetalt	Interesse for å bu og etablere næring i Valestrand-krinsen vil truleg auka		Utgår: Det vert ikkje sett av nye areal til næringsføremål i nordre del av Sveio, men det vert sett av areal til bustadføremål.
		Diverse	Ein bør kartleggja breibandutbygginga i Sveio  Gode vegar er ein føresene for lønsam næring i dei fleste bransjar. Næringsinteresser må vega tungt ved vedlikehald og bygging av vegar.  Ved regulering av næringsområde i		

NY		Diverse	<p>kommuneplanen må ein syta for at vatn og avløp vert tilrettelagt tidleg.</p> <p>Servicekommunen Sveio bør vera eit eige kapittel i kommuneplanen</p> <p>Det er sær s viktig at det i tilknytning til planlagde næringsareal også vert laga planar for breiband, vatn og kloakk.</p> <p>Ønskjer eit nærare samarbeid mellom skule og arbeidsliv som bør formaliserast og vera ein del av Sveio kommune sin strategi for næringsutvikling og arbeidet for auka folketal. Det bør koma inn i planen at ein skal satsa på entreprenørskap i skulen/elevbedrift.</p>		<p>Dette visast i samfunnsdelen under kapittel 1. om Tenester med kvalitet.</p> <p>Planar for vatn og avløp vert vurderte i eiga plan etter korleis kommuneplankartet visar utbyggingsområder</p> <p>I samfunnsdelen står tydeleg at ein mellom anna skal vera nyskapande og leggja til rette for satsing på elevbedrifter under kapittel 2. om offensiv næringsutvikling</p>
	Bremnes Seashore AS	Akvakultur	<p>Alle akvakulturområda må utvidast slika t dei går lenger ut frå land på djupare vatn</p> <p>Anlegget ved Midviksøy ønskjast flytta lenger nord til Kvernaneset slik at ein kan leggja anlegga på tvert av havstraumane</p> <p>Akvakulturanlegget ved</p>	A/FFNF	<p>JA: Innspelet vert teke stilling til og anlegga som har godkjente lokalitetar vert i stort sett utvida, bort frå land og ut mot sjøen.</p> <p>Utgår: politisk vurdering viser at anlegga vert liggjande slik dei har fått godkjenning for og dei får ikkje utvida areal nord for øya.</p> <p>Utgår: Det vert ikkje opna for utviding i vest men lenger ut mot</p>

			<p>Liaskjeret utafør Auklandshamm ønskjast utvida vestover slik at det vert plass til eit moderne oppdrettsanlegg</p> <p>Legg ut større delar av kystsona som FFNFA-område</p>		<p>sjøen</p> <p>JA: areala rundt akvakulturanlegga vert vist som fleirbruksområde FFNFA og dei vert utvida bort frå land.</p>
	Miljøpartiet dei Grøne	<p>Trafikk</p> <p>Bygging</p>	<p>Det trengst samanhengande sykkelvegnett. Prioriter mjuke trafikantar framfor vidare tilrettelegging for biltrafikk.</p> <p>Samanhengande sykkelsti langs heile Fv 47/E 39, med prioritering av strekninga Ekrene-Sveio før vidare utbygging i sør</p> <p>Utbetra Tjernagelsvegen med g/s-veg før ev. utbygging av ferjekaien i Buavåg</p> <p>Trygg sykkelveg minst 4 km frå alle skulane.</p> <p>Nye byggefelt må også planleggast for ferdsel utan bil.</p> <p>Nye byggjefelt bør fokusera på energieffektivitet</p> <p>Ved utbygging må ein ta omsyn til eksisterande kulturmiljø og landskap</p>	Veg	<p>JA: Det er vist framtidig g/s-veg langs hovudvegnettet i plankartet.</p> <p>Det er planar om utbetring av vegen, men midlane er avgrensa. Det vert vurdert vist g/s-veg i plankartet etter offentleg ettersyn</p> <p>Barn og unge sine interesser, universell utforming og energieffektivitet vert regulert gjennom plan- og bygningslova med forskrifter.</p> <p>Verneverdige områder vert vist med omsynssone i kommuneplanen</p>



		Areal	<p>Samanhengande, urørte naturområde må sikrast for framtida, spesielt i den ytre kystlina</p> <p>Lynghei er eit karakteristisk landskap for Sveio og har høg verneverdi</p> <p>Jordvernet må vera sterkt</p>		<p>Store områder vert lagt ut med omsynssone for friluftsliv og naturlandskap, også i kystlina</p> <p>I konsekvensutgreiinga til dei nye utbyggingsområda har ein teke stilling til kartlagde naturområder av verdi. Lokalisering av nye byggeområder er vurderte slik at ein unngår for stor konflikt med slike områder.</p> <p>I størst mogleg grad har ein prøvd å unngå plassering av nye byggeområde på dyrka og dyrkbar mark. Det visast område som kjerneområde for landbruk i plankartet med omsynssone.</p>
		Sveio sentrum	Kommunen bør kjøpa eigedom i sentrum med føremål om dyrka og selja lokal mat, mv.		Vert ikkje vurdert i kommuneplanssamanheng
		Diverse	<p>Det bør ikkje setjast av meir areal til hyttebygging</p> <p>Gje ikkje plass til fleire anlegg for fiskeoppdrett før næringa har utvikla berekraftige metodar for drifta</p> <p>Vindmøller må plasserast slik at dei ikkje kjem i konflikt med vern og friluftslivsinteresser.</p>		<p>JA: Kommuneplanen opnar berre for eit mindre område for utbygging av fritidsbustader</p> <p>JA: Berre dei godkjente lokalitetane er teke med i planen</p> <p>Vindkraftverk krev reguleringsplan og det må ein omfattande konsekvensanalyse til før godkjenning av slike reguleringsplanar.</p>
	Innspel frå 10. klasse, Førde	Generell	<p><u>Miljø</u>: Meir bruk av IKT på skulane for å lette arbeidet og slik at ein sparar på papir og blekk, samt resirkulerer plast</p> <p><u>Aktivitetar</u>: Ny symjehall og</p>		<p>Vert ikkje vurdert i kommuneplan, må vurderast som eiga sak</p> <p>Fleire av desse ønskjer er avhengig av private initiativ for å</p>

			<p>kunstgrasbane samt kafé/pub i Førde. Diskotek, ridehall, paintball, bowlinghall og volleyballbane</p> <p><u>Vegsikring:</u> Meir gatelys frå Rød og nord til Valestrand. Gatelys på Auklandshamn og frå Førde skule til Førde samfunnshus. Fotgjengarfelt og ev. undergangar der vegar må kryssast i Førde. Fleire bussar som køyrer rundt Auklandshamn og Tittelsnesområdet. Fleire busskurer i heile kommunen. Utkøyrsløse ved Rød og Liereid bør utbetrast.</p>	<p>gjennomførast. Dersom det finns konkrete planar vil kommunen vurdere desse.</p> <p>Fleire av tiltaka ligg i trafikksikringsplanen for Sveio.</p> <p>Det vert no utarbeida reguleringsplan for fotgjengarundergang under E 39 for dei som bor nord i Førde.</p> <p>Må vurderast av Hordaland fylkeskommune.</p> <p>Ny utkøyrsløse frå Liereid vert vist i den nye arealdelen</p>
Innspel frå 8. klasse i Førde skule	Generell	<p>Leirvåg; ønskje om å laga noko meir for turisme til Leirvåg, Kyrkjegarden mot havet. Laga molo, kiosk og kanskje bilveg.</p> <p>Valevåg; Betre fotballbane, ikkje steng butikken, ungdomssenter som møteplass.</p> <p>Førde: Gokartbane</p> <p>Gang- og sykkelveg mellom Førde og Vikekjærehuset</p>	<p>JA: Det vert opna i planen for å leggja mindre tilkomstveg (gangveg) ut til Kyrkjegarden mot havet.</p> <p>Fleire av desse ønskjer er avhengig av private initiativ for å gjennomførast. Dersom det finns konkrete planar vil kommunen vurdere desse.</p> <p>I kommuneplanen vert det vist framtidige gang- og sykkelveg for dei store trafikkerte vegane, E 39 og Fv 47. Dersom ein skal leggja til rette for g/s-veggar i område som omfattast av kommunedelplan</p>	

				må slike tiltak skje gjennom endring av kommunedeplan.
Friluftsrådet Vest		Sikra friluftsområder og satsa på reiselivsnæringa		
		Det bør ikkje leggjast riggar i opplag eller annan næringsverksemd i sjø rett utafor nokon av dei offentlege og mykje brukte badeplassane		
	Selsåsvika	Opplagsområde/riggområde i sjøen bør endrast til FFNF-område		Utgår: Opplagsområdet vert liggjande slik det ligg i dag.
	Slettene	Fjern kast- og låssetjingsplass og endra føremålet til FFNF		Områder for kast- og låssetjingsplass i nytt kommuneplanforslag er i samsvar med prioriterte områder vist av Fiskeridirektoratet
	Ryvarden friluftsområde	Område rundt fyren ligg som offentlig byggeområde. Kommunen bør laga ein reguleringsplan for området der ein gjer klart kva areala som skal setjast av til byggjeføremål og kva som skal atterhaldast friluftsføremål og vern av kulturverdiar.		Vert ikkje vurdert i kommuneplanssamanheng. Må vurderast i ein reguleringsplanprosess
	Padleløyper	Friluftsrådet vil starta eit arbeid med å laga ein oversikt over padleløyper i regionen		Vert vurdert ved rullering av neste kommuneplan då det i dag ikkje ligg føre slik oversikt. Bør kanskje vurderast teke med i opplevingskart eller andre kart som temakart til kommuneplanen

## GENERELLE MERKNADAR ETTER AT PLANEN VART LAGT UT TIL OFF. ETTERSYN

### OFFENTLEGE UTTALAR INNKOMNE VED OFFENTLEG ETTERSYN

#### **Bergens sjøfartsmuseum:**

Det vert vist til at planområdet, Sveio kommune, utgjør prioritert marinarkeologisk område, som betyr at dei generelt vurderar potensialet for automatisk fredda eller verna kulturminne i sjø som større enn i andre områder. I Bømlafjorden har det vore hamnar som blei nytta langt tilbake i tid, og i Mølstrevågen var det ein handels- og gjestgjevarstad frå slutten av 1600-talet. Området ved Tjernagel er nemnt i Snorres kongesaga som ei god hamn og her var det også skysstasjon frå 1700-talet. Ved Økland er ein kjent floristberetningar, samt at et har vore ein ankringsplass her. I Valevåg har det vore ein handels- og gjestgjevarstad frå 1600-talet.

Bergens sjøfartsmuseum vurderar ei konsekvensutgreiing med tanke på marine kulturminner for alle kommunes utbyggingsområde i sjø som ein uforholdsmessig stor jobb både praktisk og økonomisk, og bør ikkje vera ein del av den prosessen som planleggjast gjennom kommuneplanen. På grunn av planområdet sitt store omfang føretrekk Sjøfartsmuseet at tiltak vert førelagde dei på regulerings- eller byggeplannivå. Då vil truleg planane og vera meir konkrete i utforming og omfang.

Bergen Sjøfartsmuseum oppmodar Sveio kommune om følgjande:

- å sørgje for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har ein klausul i kommuneplanen sine føresegner om at dei skal utgreiast med regulerings- eller byggeplan, og dermed lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen.
- Å sørgje for at kommeplanens føresenger har eit påbod om at alle planlagde enkelttiltak som skal utførast i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen.

#### **Direktoratet for mineralforvaltning:**

Direktoratet registrerar at det er sett av 7 område for råstoffutvinning på plankartet og at det er lagt til rette for utviding for 3 av områda. Dette ser dei som positivt. Dei viser til at det vert sett krav til reguleringsplan for nye og utviding av eksisterande masseuttak i føresegnene og dei viser vidare til at dette er i tråd med vanleg praksis andre stader i landet og heilt naudsynt dersom der offentlege skal ha moglegheit til å kontrollere drifta i masseuttaka.

Det visast vidare til den korte skildringa av minerallova i retningslinene og her bør det kanskje og nemnast at alle som driv uttak av mineralske ressursar med eit samla uttak på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> og eitkvart uttak av naturstein, skal ha driftskonsesjon etter minerallova innan utgangen av 2014. Unntatt frå kravet om driftskonsesjon er dei som har ervervskonsesjon med driftsvilkår frå før minerallova trådde i kraft.

Vidare gjør ein merksam på at steinbrot, gruver og masseuttak med tilhøyrande knuseverk og sorteringsanlegg er unntatt frå byggjesakshandsaming etter § 4-3 bokstav f i revidert forskrift om byggjesak som trådde i kraft 01.07.2010. Dette gjeld uttak som er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og som er gjeve konsesjon etter reglane i minerallova.

#### **Karmsund Havnevesen:**

Karmsund Havnevesen har ut frå ein hamne- og farvatnmessig vurdering ingen merknadar til planen.

#### **Fiskeridirektoratet, Region Vest 13.01.2011**

Akvakultur:

Det er i arealdelen til kommuneplanen tilstrekkeleg lagt til rette for akvakultur med unntak av eit område, FFNFA\_ 15 (Hillersvik) må utvidast mot sør for å gje plass til fortøyingane slik dei ligg i dag (sjå skisse).

Fiske:

- Registrert låssetjingsplass med 1. prioritet i Austvika i Førdespollen er ikkje med i arealdelen, den må vera med, sjå kart.
- Gytefelt i Ålfjorden – Sundførågen manglar i planforslaget, sjå kart.
- I føresegn 6.1.9 står det at fiske ikkje må vere til hinder for allmenn ferdsle. Med dei unntak som nemnast i sjøvegsreglane skal andre fartøy holde av vegen for eit fartøy som held på med fiske. Fiske skal såleis ikkje vike for andre fartøy enn dei som det er unntak for i sjøvegsreglane. Uttrykket allmenn ferdsle vert difor etter Fiskeridirektoratet Region Vest si meining eit for vidt uttrykk å bruke i denne samanhengen. Ein ber om at dette vert endra.

Teiknforklaringar

I teiknforklaringa manglar nokre arealføremål for bruk og vern av sjø og vassdrag. Det gjeld Fiske – trålfelt og Fiske – gyteområde, samt Fiske (fiskeområde).

### **Kystverket Vest, 06.01.2011**

Kystverket er tilfreds med at det er teke omsyn til deira uttale av 16.05.2008, ved uttale til oppstart av kommuneplanen. Sidan då er det kome endringar på enkelte farleier innafor kommunen sine grenser. Ein ber difor kommunen om å oppdatera farleireregistreringane i samsvar med vedlagte kartutsnitt. Utover dette har Kystverket ingen merknadar til planforslaget.

### **Sveio kommune v/ K.Råsberg**

Omsynssone H720\_7 er ikkje ein eksakt gjengivelse av naturreservatet, særleg i søraust er det skravert utover dei faktiske grensene til reservatet. Dette ligg til konsulenten å rette.

### **Sveio kommune v/Kulturavd.**

Valenheimen bør stå med regional verdi, som ein av dei 5 komponistheimane i Hordaland

Nordre Mølstre/Bentahuset: Her bør omsynssona omfatta heile kulturmiljøet med to tun og bedehus. Heilskapen i miljøet er noko av det som gjer området spesielt verneverdig.

Sjøhuset i Buavåg er ikkje med i oversikten sjølv om dett er eitt av dei mest verdifulle kulturminna me har i kommunen. Det har truleg regional eller kanskje nasjonal verneverdi, sidan kystkulturen har høg prioritet hos Riskantivaren for tida etter å ha vore eit forsømt område gjennom lang tid og det er forholdsvis lite att av denne type kulturminne.

Det bør koma fram at oversikten ikkje er laga ut frå nokon fullstendig kartlegging av verneverdige kulturminne/miljø og at det er behov for ein slik gjennomgang. Ut frå det som står øvst i tabellen kan det sjå ut som det er gjort ei slik kartlegging

### **SKL, 13.01.2011**

SKL viser til ein 300kV line frå Valevåg sørover til Vigdalsvatn og vidare inn i Tysvær kommune. Det vert vist til at lina visast i kommuneplankartet med ein byggjeforbodssone på vel 10 m. på kvar sida av ytterfasene. SKL rekkommenderar minst 20 m. på kvar sida av ytterfasene.

### **Sveio bondelag og Hordaland Bondelag 17.01.2011**

Ein ønskjer lagt inn under § 2.2 "Generelle føresegner":

”Dyrka og dyrkbar jord skal i all hovudsak vernast. Der dette ikkje er mogleg, skal matjordlaget takast vare på og utbygger skal sikre nydyrking tilsvarande det dobbelte av nedbygd jordbruksareal. Utbygger skal dekke utgiftene ved nydyrking.”

Det vert vist til at regjeringas målsetting var at årleg omdisponering av dyrka mark skulle halverast innan 2010, men dette målet er ikkje nådd. Det er trong for auka matproduksjon i Noreg, difor må vi tak vare på den matjorda vi har. Dette ansvaret er lagt til kommunane.. Ved å ta inn punktet om over, får ein fram den reelle kostnaden med å byggje ned dyrka mark. Grunneigar får delvis kompensert for at nydyrka jord ikkje har like godt produksjonspotensial som levande kulturjord, samt at arealet kan ha ein mindre gunstig plassering.

Ein ønskjer også lagt inn eit punkt om at ”dersom det oppstår skader på dyrka mark grunna utbyggign, er dette utbygger sitt ansvar”. Det kan vere endra bekkefar, bekker lagt i røyr, grøftking osv. der arbeidet ikkje er gjort skikkeleg og det i ettertid oppstår skade på grunneigar sin eigedom.

Vidare meiner ein at det bør vera same reglar for strandlinga langs sjøen som langs vassdrag når det gjeld mindre landbruksrelaterte inngrep. Under punkt 6.1.1 om byggjeforbod i LNF-område inntil 100 m. frå strandlinga vil ein difor ha ein liknande tekst som i punkt 5.1.6 om 100 m. beltet langs sjøen:

”Naudsynte bygningar og mindre inngrep i 100-metersbeltet langs vassdrag med sikte på landbruk må tillatast. Dette omfattar òg landbruksveggar og nydyrking. Slike tiltaks skal utførast varsamt og i samsvar med feller føresegner for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (jf. pbl. 11-11 nr. 4)

### **Forsvarsbygg 17.01.2011**

Forsvarsbygg viser til tidlegare uttale om at skytebanen på Tittelsnes var stengt pga. tryggleiksmanglar og at Forsvarets framtidige aktivitet var uavklara. No har ein avklara at Forsvaret sin aktivitet skal vidareførast og det vurderast moglegheiter for å gjenopna skytebaner. Det er difor sær viktig at det ikkje vert lagt avgrensingar på Forsvaret sin utnytting av Tittelsnes leir.

Ein viser til at området bør visast med føremål Forsvaret og ikkje offentleg område.

### **Fiskarlaget Vest, 20.01.2011**

Ein føreset at tidlegare registrerte kaste-/låssetjingsplassar, fiskeområde, gyteplassar o.l. vert teke med. Ein ber òg om at det vert vist i kommuneplanen kva område eit akvakulturanlegg verkeleg legg beslag på, dvs. inkl. ankerområde.

### **Sveio kommune, varabrannsjef, Kjetil Staveland, 31.01.2011**

1. Kjetil saknar litt omsyn til samfunnsberedskap. Det visast til døme utarbeida av Fylkesmannen i Troms
2. ROS—matriser for Kvalvåg er tomme
3. Økonomiske akseptkriterier som ligg i ROS-analyse er ikkje i samsvar med akseptkriterier som rådmann og kommunestyret har satt for arbeidet med overordna ROS-analyse for kommunen.

Kommentar frå kommunen: Det var ikkje sett akseptkriterier på overordna nivå når arbeid med ROS-analysar for KP starta.

### **Staten vegvesen, Region Vest, 31.01.2011**

Det vert vist til at Staten vegvesen skal som høyringspart hjelpa med fokus på samordna areal- og transportplanlegging. Ein viser vidare til at kommuneplan i avgrensa grad legg opp til sentralisering av utbyggingsområde, men har i staden spreidd større og mindre område for bustad, næring og offentlege områder langs fylkes, riks og europaveg i heile kommunen.

Statens vegvesen meiner det er uheldig at ein av kommunen sine største utbyggingsområde for bustader ligg på Ekrene ca 8 km. sør for Sveio sentrum. Bur ein på ekrene vil bil truleg vera det mest brukte transportmiddel for dei aller fleste reiser. Det visast også til at nytt bustadområde på Tittelsnes er eit døme på bilbasert bustadbygging, som ikkje er i tråd med dei overordna retningslinjer Statens vegvesen er satt til å følgja. Ein viser til at nye utbyggingsområde på Ekrene og Tittelsnes samsvarar ikkje heller med fylkesplan for Hordaland 2005 – 2008 som mellom anna hevdar at : ”*Lokalisering av bustader, ... skal skje med omsyn til effektiv arealutnytting og energibruk og lågast mogleg transportbehov*”. Ein viser i staden til at bustadområde vest for Sveio sentrum er eit godt døme på eit bustadområde der nærleik til viktige funksjonar ikkje vil stimulere til auka transportbehov og bilbruk. Det visast også til at i eit meir regionalt perspektiv er den spreidde utbygginga meir planfagleg forståeleg då kommunen har ein sær høgt utpendling. Men ein meiner like fullt at det er uheldig at omfanget av tilbod av viktige funksjonar som handel eller tilrettelagte aktivitetar og områder for barn og unge er avgrensa på Ekrene, noko som er medverkande for auka bilbruk.



Statens vegvesen oppmodar kommunen i vidare planarbeid om å vidareutvikle både sentrale og ikkje sentraliserte utbyggingsområde utan å leggja til rette for auka bilbruk, gjennom tilrettelegging for auka kollektivbruk og universell utforming, sikre skulevegar, gode gang- og sykkelvegar og forsvarleg plassering av funksjonar som bustad, handel og fritid.

Når det gjeld nye traséar langs E 39 meiner Statens vegvesen at desse ikkje er godt nok utgreia og ikkje kan leggjast som juridisk bindande traséar i plankartet. Det ligg førebels ikkje føre nokre konkrete planar om effektivisering av lineføringa av E 39 gjennom Sveio. Ein viser til at det er positivt at Sveio ønskjer vise framtidige vegløyningar. Ein anbefalar at det i kommuneplanen sine føresegene avklarast kva ein ser for seg av framtidig vegutbygging og at eventuelle utbyggingsprosjekt i desse områder må avklarast med Statens vegvesen.

Statens vegvesen har ikkje merknadar til ny trasé for Fv 6 Tjernagelvegen, men vil minna om at endeleg traséval må avklarast gjennom reguleringsarbeid og at her må sikring av trygg skuleveg vektleggjast.

Fv 47 er vist med ny trasé ved Ekrene og er i samsvar med pågåande reguleringsarbeid i det aktuelle området.

Når det gjeld gang- og sykkelvegar synast Statens vegvesen at det er positivt at kommunen viser ein rekkje nye slike vegar, men ein meiner at det bør visast eit gjennomgåande gang- og sykkelvegnett langs E 39 frå kommunegrensa mot Haugesund til Sveio sentrum.

Det visast til at kommunen i planskildringa legg opp til at ein utbetring av farlege kryss frå Førde og nordover og vegvesenet meiner at det er føremålsteneleg å skildra i plaken i kva kryss ein ønskjer å utbetra, ev. visa til kommunen si trafikksikringsplan.

Statens vegvesen rår til at ved ev. utbygging langs Fv 47 vert sett rekkjefølgjekrav som sikrar tilstrekkeleg gode kryssløyningar til overordna vegnett. Generelt bør kryss samlast og det vert ikkje tillete etablering av nye avkøyringar utan avklaring for Fv 47 eller E 39.

Det må innarbeidast omsynssone for støy i kommuneplankartet og Statens vegvesen kan vera hjelpsam med noko bakgrunnsmateriell.

Oppsummering av Statens vegvesen si uttale:

Spreidd utbygging som vist i kommuneplanen er i utgangspunktet ikkje ønskeleg, men byggjeområde er i all hovudsak etablerte områder og kan delvis forsvarast i eit regional perspektiv.

Sveio oppmodast om å intensivere arbeidet med å planlegge for demping av bilbruk og auke i kollektivreiser og reiser med sykkel eller gåande.

Nye traséar bør først skildrast i føresegner og berre visast i plankartet der det er sannsynleg at vegen vil verta plassert.

I kommuneplanen sine føresegner bør det vise til rammeplan for avkøyrslar og kommunen si trafikksikringsplan.

Omsynssonar for støy må innarbeidast i plankartet.

### **Sveio bonde- og småbrukarlag, innstempla 31.01.2011**

Ein viser til felles føresegner for LNF og meiner at det tek tilbørleg omsyn til bønder og landbruksinteresser, under føresetnad at Fylkesmannen godkjenn forslaget.

Når det gjeld samfunndelen del 2 om offensiv næringsutvikling under punkt 2 om satsing på elevbedrifter, næringsutvikling ved golfbanen m.v. meiner ein at det vil vera naturleg at kommunen signaliserar vilje til å satse på/støtte opp om landbruksnæringa, med tilleggstilbod som mellom anna "Inn på tunet".

Ein viser til del 3 av samfunnsdelen om areal, utvikling og miljø, punkt 9. Ein viser til at jordbruket/jordbruksareala i kommunen er så spreidde at det er vanskeleg, nærmast ikkje mogleg å definera nokre kjerneområder for landbruk. Sveio bonde- og småbrukarlag meiner det er viktig å verne alt jordbruksareal i kommunen.

#### Kommentar frå kommunen:

Landbruksareal er verna gjennom LNF-føremålet og i føresegnene til LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging.

### **Viltnemnda, Sveio kommune, 10.03.2011**

Uttalen byggjer på Naturmangfaldlova. Ein viser til at planarbeidet er godt gjennomarbeida og at det er lagt stor vekt på å ivaretek naturmangfaldet på ein god måte.

Det vert vist til kommune si kartlegging "Viltet i Sveio" i 2007 og at det er eit godt dokument å bruka som god rettesnor i kommuneplanarbeidet.

Ein har likevel merknad til det planlagde området for energiproduksjon ved Hovda/Nordskog. Hjortestamma er flikt til å tilpassa seg nye leveområde og har vakse seg større dei seinare åra i området Skogen har vakse seg til på Nordskog og Grimstveit og det er spreidd busetnad, noko som gjev gode vilkår for hjorten og den vert lite uroa. Ved stor utbygging av ny infrastruktur med vegar, leidningsnett m.v. er ein redd for at storviltet vert skalelidande.

I tillegg er det registrert hubro i området. Dette er ein sterk truga fugleart som er raudlista. Trugsmål for hubroen er m.a. kraftliner og utbygging i deira leveområde.

Viltforvaltninga i Sveio kommune støttar opp om Fylkesmannen si motsegn til dette område.

#### Kommentar frå kommunen:

Forslagstillar har fått i oppgåve å utgreia området med hovudfokus naturmangfald, i samsvar med uttale frå Fylkesmannen.

#### KORTFATTA FORKLARING AV NOKRE GENERELLE PRINSIPP SOM KOMMUNEPLANEN ER LAGA ETTER:

- Det var politisk avgjerd om prinsippa til kommuneplanarbeidet og at kommunen ikkje skal tillata nye områder for rorbuer grunna innskjerping i strandsonevernet. Rorbuer er å vurdere som hytter/fritidsbustader til sjøen.
- Det er sett ein byggjegrænse til sjøen for fritidsbustader (og heilårsbustader) som gjer at rorbuer/fritidsbustader ikkje kan byggjast i strandlina. Oppføring av rorbuer til utleige er ikkje i samsvar med næringsføremålet då kommersiell utleige av heilårs eller fritidsbustader faller inn under Fritids- og turistføremål. Andre former for utleige av heilårsbustader eller fritidsbustader faller inn under føremålet for bustader eller fritidsbustader og skal difor liggja i byggjeområde for bustader eller fritidsbustader og ikkje som næring eller fritids- og turistføremål, alternativt som spreidd bustadbygging/hyttebygging/næring.
- Det er ingen område som er det andre likt og difor kan ikkje saker stillast opp mot kvarandre. Likevel har målsetinga vore å likebehandle alle slik at forhold med like saker vert vurderte etter dei same prinsippa.

- I denne kommuneplanomgong har vi teke sikte på å få til tiltak som er samfunnsmessig viktige for Sveio kommune. Det gjeld mellom anna å leggja til rette for nye bustadområde og leggja ut næringsareal med god lokalisering i kommuneplankartet. Utbygging av fritidsbustader er ikkje prioritert i dette planforslag. Det vert berre lagt til rette for ein mindre utviding av eksisterande hytteområde i nordre del av kommunen, der det allereie ligg godt til rette for teknisk infrastruktur. Dette område ligg i stort sett utafor 100-metersbeltet langs sjøen. Det er teke stilling til å unngå å gjera nye inngrep i strandsona i denne planen (med bakgrunn i det innskjerpa strandsonevernet i ny plan- og bygningslov), med unnatak av nokre naustområde der det er eksisterande arealbruk i dag og nye småbåtshamner. Nye naustområde i urørte områder vert ikkje vurdert. I staden ønskjer vi å satsa på småbåthamnar for å opna for at fleire skal få båtplassar.
- Ein har i planforslaget teke stilling til at ein ikkje legg meir til rette for nye områder for hytteutbygging i denne omgong. Difor må ein satsa på å fortetta eksisterande bygde og ubygd byggjeområde for fritidsbustader.
- Innskjerpa strandsonevern: Plan- og bygningslova skjerpa strandsonevernet når ny lov trådde i kraft 1. juli 2009. Dette medfører at tiltak i 100-metersgrensa langs sjøen er forbode, med unnatak av fasadeendringar. Det omfattar tiltak som utviding av eksisterande bygningar, oppføring av bodar, gjerder, fylling av sandstrand, tilrettelegging for plen etc. Fylkesmannen i Hordaland omtalar den del av strandsona som ikkje bør privatiserast som *Funksjonell strandsona* og omgrepet definerast slik: ” *Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Denne sona kan vere både breiare og smalare enn 100-metersbeltet*”, jf. Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland 2001-2004.
- Innspel i reguleringsplanområde vert ikkje vurderte i kommuneplanssamanheng. Områder som er omfatta av reguleringsplan skal ikkje endrast i kommuneplanen men gjennom reguleringsendring. Berre dersom ein reguleringsplan skal opphøra å vera gyldig bør ein leggja nytt føremål for området i kommuneplankartet.
- Trafikksikringsspørsmål vert ikkje teke opp som eiga tema i kommuneplanen og kan ikkje visast i plankartet. Trafikksikringstiltak skal fastsetjast i Trafikksikringsplanen. Nye traséar for å gjennomføra sikringstiltak kan visast i kommuneplanen. Desse er i motsetning til byggjeområda ikkje juridisk bindande før det kjem ein reguleringsplan for vegen. Difor kan plasseringa av nye vegar endrast noko i reguleringsplanprosessen.